



## Årsrapport 2019

Førebels utgåve

– endeleg årsrapport blir offentleggjort etter forstandarskapsmøtet 10.3.20

Vedteke i styret

14.2.20



## Innhold

|                                                                |    |
|----------------------------------------------------------------|----|
| OM BANKEN .....                                                | 5  |
| 1. Konsernet og verksemda.....                                 | 5  |
| Historikk.....                                                 | 5  |
| Visjon, verdier og mål.....                                    | 5  |
| Forretningsområde.....                                         | 6  |
| Kontorstruktur.....                                            | 7  |
| 2. Viktige hendinger i 2019.....                               | 10 |
| 3. Finansiell kalender 2020.....                               | 11 |
| 4. Nøkkeltal for konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres..... | 12 |
| 5. Bærekraft.....                                              | 14 |
| ÅRSRAPPORT .....                                               | 27 |
| 6. Årsmelding 2019.....                                        | 27 |
| Verksemdsområde og marknad .....                               | 27 |
| Utvikling i norsk økonomi 2019.....                            | 27 |
| Forsikringsfusjon .....                                        | 28 |
| Utvikling i marknadsområdet Hallingdal og Valdres .....        | 29 |
| SpareBank 1 Hallingdal Valdres si bankverksemd i 2019.....     | 30 |
| Resultatutvikling.....                                         | 32 |
| Balanseutvikling.....                                          | 36 |
| Eigarstyring og selskapsleiing (Corporate governance) .....    | 39 |
| Risikostyring .....                                            | 40 |
| Bærekraft.....                                                 | 45 |
| Banken sine dotterselskap .....                                | 45 |
| Fortsatt drift .....                                           | 48 |
| Framtidsutsikter .....                                         | 48 |
| 7. Resultat.....                                               | 50 |
| 8. Balanse .....                                               | 50 |
| 9. Endring i egenkapital .....                                 | 51 |
| 10. Kontantstraumoppstilling.....                              | 52 |
| 12. Erklæring frå styret og dagleg leiar .....                 | 54 |
| STYRE OG LEIING .....                                          | 55 |
| 13. Hovudorganisasjon.....                                     | 55 |
| 14. Presentasjon av styret.....                                | 56 |

|                                             |    |
|---------------------------------------------|----|
| 15. Forstandarskap, styre og revisjon. .... | 58 |
|---------------------------------------------|----|

## **OM BANKEN**

### **1. Konsernet og verksemda**

#### **Historikk**

Konsernet har ei lang og tradisjonsrik historie med bankverksemd som går attende til 1868. I Hallingdal var starten bankverksemda i Aal Sparebank som tok til i 1870, og Hemsedal Sparebank som opna i 1907. Desse bankane fusjonerte i 1999 og fekk namnet SpareBank 1 Hallingdal. I Valdres starta drifta med Øystre Slidre Sparebank i 1868. Øystre Slidre Sparebank vart innfusjonert i SpareBank 1 Hallingdal i 2012 og nytt namn på banken vart SpareBank 1 Hallingdal Valdres.

Rekneskapsverksemda i konsernet har ei historie attende til 1984 som dåværande Sparebankens Regnskapskontor AS som var eit heileigd dotterselskap av Hemsedal Sparebank. I 2002 vart namnet endra til Hemsedal Regnskap AS. I 2012 kjøpte banken alle aksjane i selskapa HallingRegnskap AS og Valdres Regnskap AS. Hemsedal Regnskap AS vart same året innfusjonert i HallingRegnskap AS som deretter endra namn til SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS. Valdres Regnskap AS skifta i 2013 namn til SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS. I 2014 vart selskapet fusjonert inn i SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS og nytt namn på selskapet vart SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS.

Konsernet si meklarverksemd starta i 1999 då banken kjøpte aksjar i Eiendomsmegleren Ringerike Hadeland som etablerte avdelingskontor i banklokala på Gol. I 2007 kjøpte banken 85 % av aksjane i Terra Eiendomsmegling Geilo AS. Selskapet endra same året namn til Eiendomsmegler 1 Geilo AS. I 2011 kjøpte banken dei resterande 15 % av aksjane. På same tid kjøpte banken alle aksjane i Hemsedal Eiendomsmegling AS som vart innfusjonert i Eiendomsmegler 1 Geilo AS. Gol-kontoret til Eiendomsmegleren Ringerike Hadeland vart dette året utfisjonert til EiendomsMegler 1 Geilo AS. Selskapet endra deretter namn til EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS.

#### **Visjon, verdier og mål**

Konsernet sin visjon er å vere "anbefalt av kunden" i konsernet sitt marknadsområde som er Hallingdal og Valdres. Drifta skal vere tufta på verdiane "engasjert" og "dyktig".

SpareBank 1 Hallingdal Valdres skal oppnå auka inntening gjennom samarbeid om kundeleveransar på tvers av konsernet sine forretningsområde. Målgruppa er alle kundar med tilknytning til Hallingdal og Valdres. Sparebank er kjerneverksemda, men verdikjeda skal styrkast gjennom formidling av forsikring, eignedomsmekling, rekneskap og økonomisk rådgjeving.

I Hallingdal Valdres skal konsernet vere den mest attraktive arbeidsplassen med dei beste og mest nøgde medarbeidarane. Dei skal ha høg endringskapasitet og vilje og evne til kontinuerleg læring.

Konsernet tek ei aktiv rolle for å skapa ei grøn framtid og skal vere ei verksemd som innanfor eigne bransjar er i førarsetet med sitt miljøengasjement i eigen drift og i utvikling av tenester som stimulerer kundane til gode miljøtiltak.

Konsernet har ei målsetting om å ha god kapitaldekning og levere gode resultat som gir eit godt utbytte til eigarane.

### **Forretningsområde**

SpareBank 1 Hallingdal Valdres er i dag eit konsern med verksemd innanfor fleire område. Sparebankverksemda med bankdrift som omfattar finansiering, betalingsformidling, plassering og formidling av forsikringsprodukt er kjernen i konsernet og konsernstrukturen tek utgangspunkt i gjeldande lovverk for sparebankar.

Konsernet driv i tillegg verksemd innanfor områda rekneskapsføring, eigedomsmekling, investeringsverksemd og lokalt samfunnsengasjement. I tillegg kjem meir interne område som fellesfunksjonar og eigedomsutvikling av eigne lokale.

Desse verksemdene blir drive gjennom eigne dotterselskap som er SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS innanfor rekneskapsføring. Eigedomsmekling blir drive av selskapet EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS. Drift av eigedomar skjer gjennom dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Eigedomsutvikling AS og SpareBank 1 ValHall Eigedom AS og investeringar gjennom SpareBank 1 Hallingdal Invest AS.

Det lokale samfunnsengasjementet viser seg spesielt gjennom konsernet sine eigarar, SpareBankstiftelsen Hallingdal og SpareBankstiftelsen Øystre Slidre som årleg deler ut gåver og stønad for mange millionar til lag og foreiningar i Hallingdal og Valdres. I tillegg er banken si sponsorverksemd betydeleg. I 2019 utgjorde dette i sum 16,2 mill. kroner. Konsernet har også teke initiativet til stiftelsen «Kimen til vekst» som kan gå inn med kapital i nye verksemdar.

### **Marknadsområde**

Konsernet sitt hovudmarknadsområde er Hallingdal og Valdres. I Hallingdal ligg tyngdepunktet i kommunane Ål, Gol og Hemsedal, medan i Valdres er tyngdepunktet kommunane Øystre Slidre og Nord-Aurdal. Banken har ca. 1/3 av kundane utanom dette marknadsområdet med ein stor andel i Oslo-området.

Dei ulike selskapa har alle ambisjonar om vere marknadsleiarar innanfor sine respektive område. EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS har også ambisjonar om å vere den leiande meklaren i Noreg på fritidseigedomar i fjellet.

## Kontorstruktur


Verksemda er bygd opp omkring dei lokale bankkontora samt eit kundesenter med utvida opningstider. Rådgjevinga skal vere bygd på god lokalkunnskap og høg fagleg kompetanse som gjer verksemda fleksibel og effektiv.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres har ikkje hovudkontor. Bankverksemda blir drive frå sju kontor lokalisert i tettstadene Geilo, Ål, Gol, Hemsedal, Fagernes, Heggenes og Beitostølen.

Dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS er lokalisert i Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal, Ål, Fagernes, Heggenes og Beitostølen. EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS er lokalisert på Geilo, Ål, Gol, Hemsedal, Fagernes, Beitostølen og i Oslo.

## *SpareBank 1-alliansen*

**SpareBank 1-alliansen** vart etablert i 1996 og er eit bank- og produktsamarbeid der SpareBank 1-bankane i Noreg samarbeider gjennom dei felleseigde selskapa SpareBank 1 Gruppen og SpareBank 1 Banksamarbeidet DA.



SpareBank 1-alliansen er den nest største finansgrupperinga i Noreg målt i utlån til kundar. Alliansen består av 14 sjølvstendige bankar som er fullverdige leverandørar av finansielle produkt og tenester til privatpersonar, bedrifter og organisasjonar.

## SpareBank 1-bankene

SpareBank 1  
SR-BANK

SpareBank 1  
SMN

SpareBank 1  
NORD-NORGE

SpareBank 1  
ØSTLANDET

SpareBank 1  
MODUM

SpareBank 1  
HALLINGDAL VALDRES

SpareBank 1  
NORDVEST

SpareBank 1  
RINGERIKE HADELAND

SpareBank 1  
GUDBRANDSDAL

SpareBank 1  
BV

SpareBank 1  
SØRE SUNNMØRE

SpareBank 1  
TELEMARK

SpareBank 1  
LOM OG SKJÅK

SpareBank 1  
ØSTFOLD-ÅKERSHUS

Av de 14 selvstendige sparebankene som inngår i SpareBank 1-alliansen er det både:

- ✓ Børsnoterte banker
- ✓ Egenkapitalbevisbanker
- ✓ Aksjesparebank



Kundene skal oppleve at SpareBank 1-alliansen er best på nærleik, lokal forankring og kompetanse. Totalt har alliansen ca. 7.500 medarbeidarar.

Selskapa SpareBank 1 Gruppen AS og SpareBank 1 Utvikling DA med dotterselskap utgjør Alliansesamarbeidet. Føremålet med Alliansesamarbeidet er å levere attraktive produkt og tenester med fokus på gode kundeopplevingar. Dette styrkar SpareBank 1-bankene si konkurransekraft og lønsemd, slik at dei kan halde fram med å vere sterke og sjølvstendige. Alliansesamarbeidet sin visjon er: Attraktiv for kundane og bankane.



**SpareBank 1 Gruppen AS** er holdingselskap til 8 dotterselskap som alle utviklar og leverer tenester til alliansebankane. Bankane tilbyr desse tenestene til sine kundar i lokalmarknaden. Morselskapet utviklar og leverer også produkt til LO sine forbund og forbundsmedlemer gjennom LOfavør.

SpareBank 1 Gruppen AS er 100 % eigd av SpareBank 1-bankar og Landsorganisasjonen LO med følgjande eigarbrøkar:

SpareBank 1 SR-Bank (19,5 %), SpareBank 1 Nord-Norge (19,5 %), SpareBank 1 SMN (19,5 %), Samarbeidende Sparebanker AS (19,5 %), Sparebank 1 Østlandet (12,4 %) og Landsorganisasjonen og fagforbund tilknytt LO (9,6 %).

SpareBank 1 Gruppen AS eig 100 % av aksjane i følgjande dotterselskap:

- SpareBank 1 Forsikring AS (pensjon)
- ODIN Forvaltning AS
- LOfavør AS
- Conecto AS
- SpareBank 1 Factoring AS
- Modhi Finance AS
- Spleis AS
- Fremtind Forsikring AS (65 %)



Med verknad frå 1.1.2019 fusjonerte SpareBank 1 Forsikring AS og DNB Forsikring AS til Fremtind Forsikring AS. SpareBank 1 Gruppen AS eig 65 % av selskapet og DNB ASA 35 % i selskapet. DNB har i tillegg ein opsjon på å kjøpe seg opp til 40 % eigardel. Med solid erfaring og kunnskap om forsikring utviklar Fremtind nye produkt og tenester som betyr noko i folks liv. Forsikringar frå Fremtind blir distribuert gjennom SpareBank 1-bankane og DNB.

**SpareBank 1 Utvikling DA** er eigd av SpareBank 1 SR-Bank (18 %), SpareBank 1 Nord-Norge (18 %), SpareBank 1 SMN (18 %), Samarbeidende Sparebanker AS (18 %), SpareBank 1 Østlandet (19 %) og SpareBank 1 Gruppen (10 %).

SpareBank 1 Utvikling DA eig 100 % av aksjane i følgjande dotterselskap:

- EiendomsMegler 1 Norge AS
- SpareBank 1 Kundesenter AS
- SpareBank 1 Verdipapirservice AS

SpareBank 1 Utvikling DA inneheld ei rekkje utviklings- og fagmiljø som lever forretningsplattformer og felles forvaltnings- og utviklingstenester til eigarbankane. Dette er til dømes felles IT/mobilløysingar, merkevare- og marknadsføringskonsept, forretningskonsept, kompetanse, analyser, prosessar, beste-praksis-løysingar og innkjøp. Selskapet er ein viktig bidragsytar til at felles utvikling og felles aktivitetar gir bankane stordrifts- og kompetansefordelar. Selskapet eig og forvaltar også alliansen sine immaterielle rettar under felles merkevarenamn - SpareBank 1.

## 2. Viktige hendingar i 2019

Her er eit utval av hendingar i konsernet gjennom året. Lista er ikkje fullstendig, men gir eit innblikk i større og mindre hendingar.

Januar:

- Konsernet sin første energi- og miljørådgjevar startar i nyoppretta stilling. Banken styrkar med dette si satsing på ein grøn profil og bærekraft.

Februar:

- Konsernet arrangerer kundearrangementet «Frå gråstein til gull» for næringslivet på Nesbyen.

April:

- Forbrukarøkonom i SpareBank 1, Magne Gundersen held foredrag om kvardagsøkonomi for elevane ved dei vidaregåande skulane i Hallingdal (Gol, Ål og NTG Geilo).
- Konsernet arrangerer kundearrangementet «Frå gråstein til gull» for næringslivet på Flå.

Mai:

- Gjennomfører lokale ryddeveker i Hallingdal og Valdres.

Juni:

- Banken lanserer fleire nye grønne produkt:
  - Grønt innskot
  - Grønt bustadlån
  - Grønt næringslån.Er første bank i Noreg til å lansere eit grønt låneprodukt til næringslivet.
- Arrangerer innovasjonscamp på Gol vidaregåande skule saman med Ungt Entreprenørskap.
- Arrangerer seminar for kommunane og næringslivet i Hallingdal og Valdres med miljø som tema.

September:

- Stor aktivitet hjå Fjellmegleren. 98 omsette eigedomar denne månaden.

November:

- Beitosprinten er sesongopning for langrennseliten og blir gjennomført med konsernet som ein av hovudsponsorane. Blir gjennomført ein del kundearrangement i våre lokale på Beitostølen.
- Gjennomfører kundemøter med privatkundar i Oslo.
- Konsernet arrangerer kundearrangementet «Frå gråstein til gull» for næringslivet på Ål.

- Årets kundetur går denne gongen til Vietnam og Kambodsja.

Desember:

- Konsernet blir miljøfyrtårnsertifisert.
- Årets julegave går til Geilomo barnesykehus og Beitostølen Helsesportsenter<
- Fjellmegleren omsette 729 eiedomar i 2019. Dette er berre 10 færre enn toppåret 2018.

### **3. Finansiell kalender 2020**

14. februar

Styremøte offisiell rekneskap for 2019.

10. mars

Forstandarskapsmøte og fastsetting av årsoppgjer og utbytte.

15. mai.

Resultat 1. kvartal

11. august

Resultat 2. kvartal

11. november

Resultat 3. kvartal

#### 4. Nøkkeltal for konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres

| Konsern                                                             | 2019       | 2018       | 2017       | 2016      | 2015      |
|---------------------------------------------------------------------|------------|------------|------------|-----------|-----------|
| <b>Resultatrekneskap (tusen kroner)</b>                             |            |            |            |           |           |
| Netto renteinntekter                                                | 196.217    | 184.348    | 173.685    | 154.416   | 154.211   |
| Netto provisjons- og andre inntekter                                | 236.834    | 211.656    | 201.837    | 188.993   | 167.299   |
| Driftskostnader                                                     | 233.897    | 226.294    | 213.330    | 218.785   | 201.381   |
| Resultat før tap                                                    | 199.154    | 169.710    | 162.192    | 124.624   | 120.129   |
| Tap på utlån og garantiar                                           | -4.315     | 5.408      | 8.983      | 9.148     | 6.332     |
| Årsoverskot                                                         | 166.865    | 136.441    | 122.755    | 94.505    | 88.966    |
| <b>Balanse (tusen kroner)</b>                                       |            |            |            |           |           |
| Brutto utlån                                                        | 9.013.843  | 8.845.591  | 8.326.962  | 7.582.727 | 6.979.894 |
| Overførte lån til kredittføretak                                    | 2.503.898  | 2.454.499  | 2.270.639  | 2.092.551 | 1.887.200 |
| Brutto utlån inkl. overføring til kredittføretak                    | 11.517.741 | 11.300.090 | 10.597.163 | 9.675.278 | 8.867.094 |
| Individuelle nedskrivningar og nedskrivning på grupper av utlån     | 41.517     | 50.823     | 48.038     | 46.457    | 44.616    |
| Individuelle nedskrivningar på lån med misleghald (jf. note 3b)     | 6.136      | 9.348      | 7.794      | 10.016    | 13.842    |
| Individuelle nedskrivningar på lån som er tapsutsette (jf. note 3b) | 4.381      | 1.875      | 1.166      | 141       | 377       |
| Innskot frå kundar                                                  | 8.196.884  | 7.582.395  | 7.281.099  | 6.580.720 | 5.978.157 |
| Forvaltningskapital                                                 | 11.401.275 | 10.737.513 | 10.160.841 | 9.169.285 | 8.689.978 |
| <b>Nøkkeltal (%)</b>                                                |            |            |            |           |           |
| Rentenetto                                                          | 1,77       | 1,76       | 1,80       | 1,73      | 1,79      |
| Driftskostnader                                                     | 2,11       | 2,17       | 2,21       | 2,45      | 2,34      |
| Kostnadsprosent                                                     | 54,0       | 57,1       | 56,8       | 63,7      | 62,6      |
| Tapsprosent utlån                                                   | -0,05      | 0,06       | 0,11       | 0,12      | 0,09      |
| Misleghald (brutto)                                                 | 0,88       | 0,43       | 0,33       | 0,90      | 1,10      |
| Misleghald (netto)                                                  | 0,81       | 0,32       | 0,24       | 0,77      | 0,90      |
| Innskotsdekning                                                     | 90,9       | 85,7       | 87,4       | 86,8      | 85,6      |
| Totalrentabilitet                                                   | 1,51       | 1,31       | 1,27       | 1,06      | 1,03      |
| Eigenkapitalavkastning etter skatt                                  | 11,24      | 9,89       | 9,61       | 7,91      | 7,84      |
| Kapitaldekningsprosent                                              | 22,25      | 21,41      | 19,69      | 16,67     | 17,56     |
| Kjernekapitalprosent                                                | 20,31      | 18,53      | 18,95      | 16,67     | 17,56     |
| Rein kjernekapital                                                  | 20,08      | 18,28      | 18,95      | 16,67     | 17,56     |
| Uvekta kjernekapitalandel i prosent                                 | 9,73       | 9,64       | 10,15      | 10,08     | 10,23     |
| LCR i prosent, norske kroner                                        | 154,00     | 180,00     | 173,00     | 111,00    | 89,00     |
| LCR i prosent, totalt                                               | 154,00     | 180,00     | 173,00     | 112,00    | 89,00     |
| Vekst i innskot, prosent                                            | 8,1        | 4,1        | 10,6       | 10,1      | 6,0       |
| Vekst i brutto utlån, prosent                                       | 1,9        | 6,2        | 9,8        | 8,6       | 4,9       |
| Vekst i brutto utlån inkl. overføring kredittføretak, prosent       | 1,9        | 6,6        | 9,5        | 9,1       | 5,4       |

## Definisjonar

### Rentenetto

- Netto renteinntekter i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

### Driftskostnader

- Personalkostnader, IT-kostnader, ordinære avskrivningar og andre driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

### Kostnadsprosent

- Driftskostnader i % av netto inntekter

### Tapsprosent utlån

- Årets tapsavsetningar på utlån og garantiar i % av brutto utlån

### Misleghaldsprosent

- Netto mislighalde engasjement (over 90 dagar) i prosent av brutto engasjement

### Totalrentabilitet

- Resultat etter tap og skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

### Eigenkapitalavkastning etter skatt

- Resultat av ordinær drift etter skatt i % av gjennomsnittleg eigenkapital

### Kapitaldekning

- Netto ansvarleg kapital i % av berekningsgrunnlaget (sjå note 15). I 2018 er tal etter konsolidering av føretak i samarbeidande gruppe nytta. I 2019 er talet oppgitt for morbank etter konsolidering av føretak i samarbeidende gruppe.

### Kjernekapitaldekning

- Kjernekapital i % av berekningsgrunnlaget (sjå note 15). ). I 2018 er tal etter konsolidering av føretak i samarbeidande gruppe nytta. I 2019 er talet oppgitt for morbank etter konsolidering av føretak i samarbeidende gruppe.

### Rein kjernekapitaldekning

- Rein kjernekapital i % av berekningsgrunnlaget (sjå note 15). ). I 2018 er tal etter konsolidering av føretak i samarbeidande gruppe nytta. I 2019 er talet oppgitt for morbank etter konsolidering av føretak i samarbeidende gruppe.

### Uvekta kjernekapitalandel (leverage ratio)

- Rein kjernekapital eller kjernekapital i forhold til verdien av alle egedelar og ikkje balanseførte forpliktingar utan at egedelane er risikovekta.
- Uvekta kjernekapitalandel blir rapportert per utgangen av kvartalet.
- Frå 2018 blir tal etter konsolidering av føretak i samarbeidande gruppe nytta.

### LCR (Liquidity Coverage Ratio)

- Banken sine likvide egedelar målt i forhold til netto likviditetsutgang 30 dagar fram i tid i ein gitt stressituasjon.
- Frå 31.12.2017 er LCR-kravet minst 100 %.
- Frå 2019 er talet oppgitt for morbank.

## 5. Bærekraft

Bærekraft er ein sentral del av vår verksemd. Høg etisk standard og truverdig forretning i samarbeid med kundar, leverandørar, myndigheiter og samfunnet me er ein del av skal kjenneteikne alt me gjer. Konsernet si verksemd skal ikkje påverke det ytre miljø. Dette blir regulert gjennom eit rammeverk i norsk lov og forskrifter samt eigne strategiar og retningslinjer. Konsernet har nedfelt prinsipp for miljø, etikk, samfunnsansvar og bærekraft i eit eige dokument som ligg på banken sine nettsider [www.sb1.no](http://www.sb1.no).

Det er mange tilhøve som kjem inn under dette området. Konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres med sine ulike verksemdsområde er ein viktig aktør i lokalsamfunnet der verksemdene ligg. Banken er i stor grad med og finansierer lokal utvikling i form av lån til bustader og næringsverksemd. Banken si evne og vilje til å ta del i nye prosjekt er ein sentral pilar i utviklinga av lokalsamfunnet. Konsernet med alle verksemdsområder er til saman ein betydeleg arbeidsplass i Hallingdal og Valdres. Konsernet er også ein stor skatteytar som tilfører mykje til samfunnet i form av skatteinntekter frå tilsette og selskapet. Eigedomsmeklarverksemda er ein viktig lokal aktør for omsetnaden av bustader og fritidsbustader i fjellet. Rekneskapsverksemda utfører viktige rekneskapstenester for lokalt næringsliv.

Banken tek også på seg eit viktig samfunnsansvar i høve til å inngå sponsoravtaler med lokale lag og foreningar og på denne måten gir eit viktig bidrag til lokalt kultur- og idrettsarbeid. Etter at eigenkapitalen i banken vart gjort om til eigenkapitalbevis i 2012, er det eigarane, Sparebankstiftelsen Hallingdal og Sparebankstiftelsen Øystre Slidre som står for gåveutdeling til ulike føremål. Stiftelsane får utbytte frå banken som dei deler ut i prosjektstøtte, driftsstøtte og tilskot til løypekøyning. Meir informasjon om banken og sparebankstiftelsane sitt samfunnsengasjement er samla i Driv-bloggen ([www.driv.sb1.no](http://www.driv.sb1.no)).

Banken har tatt initiativet til næringsstiftelsen "Kimen til vekst" som kan gje lån til og investere i selskap i Hallingdal og Valdres.

I året 2019 er tiltak gjennomført på konsernnivå for å auke fokuset på bærekraft:

- Tilsett energi- og miljørådgjevar i full stilling
- Alle kontor i konsernet (bank, rekneskap og eigedomsmekling) er miljøfyrtårnsertifisert etter nye kriteria som også inkluderer bank- og finansspesifikke krav.
- Deltaking i bærekraftsforum i SpareBank 1-alliansen som blant anna har utarbeidd retningslinjer for bærekraft i innkjøp og verdipapirforvaltning.

### *Det ytre miljø og klima*

Konsernet har sett opp klima og miljø som fokusområde og klimaendringane som eit av FN sine bærekraftsmål. Det er i dag eit stadig sterkare fokus på klima- og miljøutfordringane, klimarisiko og skiftet til ein grøn omstilling. Både nasjonale og internasjonale finansforum og konferansar har i stor grad hatt bærekraft, klima og miljø som tema i 2019.

Me arbeider bærekraft, miljø og samfunnsansvar på tre nivå:

- vår rolle i å påvirke våre kundar i rett retning i eit lokalt, nasjonalt og globalt perspektiv
- vår rolle som bedrift
- vår rolle i å utvikle produkt som stimulerer til gode val og å gi god rådgeving.

Vårt system for miljøleiing er basert på PUKK-metoden (Planlegge – Utføre – Kontrollere – Korrigere). Som ein del av planlegginga har me ein miljøpolicy knytt til kvart forretningsområde innanfor bankverksemda. Vår strategi er utarbeidd og godkjent av styret for ei treårs-periode. Konsernstrategien med overordna strategiar for kvart verksemdsområde og strategiske mål for perioden er fastsett. Desse strategiske måla blir tatt inn i årlege handlingsplanar med tiltak. Status på dette arbeidet blir følgd opp og rapportert kvartalsvis til styret med mål, delmål/indikatorar og tiltak. Årsrapporten inneheld i tillegg til finansielle resultat også vårt eigen miljørekneskap og effekt av miljøprodukt. Me har i tillegg til rutinar for strategiske mål med oppfølging og evaluering, også utarbeidd eit internt årshjul med dei viktigaste oppgåvene og oppfølging knytt til miljøarbeid ved avdelingane. Dette står det meir om i Våre prinsipper for miljø, etikk, samfunnsansvar og bærekraft på banken si nettside.

Sparebank 1 Hallingdal Valdres skal møte miljøutfordringane slik:

- Effektiv ressursbruk og bruk av gode miljømessige løysingar i kvardagen. Dette blir synleggjort i ein eigen miljørekneskap som ein del av vårt system for miljøleiing og Miljøfyrtårnsertifisering.
- Stimulere tilsette til større miljøbevisstheit gjennom ulike tiltak internt, blant anna gjennom ryddeveke og Miljøfyrtårnsertifisering.
- Vidareutvikle tenester overfor kundar som stimulerer til gjennomføring av ulike miljøtiltak innan våre bank-, rekneskap- og meklartenester.
- Utvikle eige miljøkonsept og vere ein pådrivar for at SpareBank 1 gjer noko tilsvarande.


#### *Energi- og klimarekneskap 2019:*

Konsernet får årleg utarbeidd ein energi- og klimarekneskap. Rekneskapen er inndelt i tre nivå (scope) som består av direkte og indirekte utsleppskjelder knytt til eigen verksemd.


- Scope 1: Obligatorisk rapportering inkluderer alle utsleppskjelder knytt til driftsmidlar der organisasjonen har operasjonell kontroll. Dette inkluderer all bruk av fossilt brensel for stasjonær bruk eller transportbehov (sjølveigde, leigde eller leasing-køyretøy.). Vidare blir eventuelle direkte prosessutslepp (av dei seks klimagassene) inkludert.
- Scope 2: Obligatorisk rapportering av indirekte utslepp knytt til innkjøpt energi; elektrisitet eller fjernvarme/-kjøling. Dette gjeld t.d. for leigde bygg.
- Scope 3: Frivillig rapportering av indirekte utslipp knytt til innkjøpte varer eller tenester. Dette er utslepp som kan knytast til organisasjonen sine aktivitetar, men som går føre seg

utanfor selskapet sin kontroll(derav indirekte). Typisk scope 3-rapportering vil inkludere flyreiser, logistikk/transport av varer, avfall, forbruk av ulike råstoff osv.

I samband med miljøfyrtårnsertifiseringa i 2019 har konsernet tatt i bruk eit nytt system for rapportering av klimagassutslepp. Dette medførte blant anna bruk av andre utsleppsfaktorar. Omlegginga gjer at tal frå dei tidlegare klimarekneskapane ikkje er direkte samanliknbare. Berekning av klimagassutslepp er i stor grad avhengig av kva berekningsmetode for utsleppsfaktorar frå elektrisitet og fjernvarme som blir brukt. Her er gamalt og nytt rapporteringssystem ulike. Miljøfyrtårnsertifiseringa legg til grunn nordisk miks for dei 3 siste åra for elektrisitet og nasjonal miks frå 2018 for fjernvarme. Grunna dette vil me bruke året 2018 som basisår for rapportering og oppfølging framover.



SpareBank 1 Hallingdal Valdres har i 2019 i følge klimarekneskapen totale klimautslepp på rett under 248 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar (CO<sub>2</sub>e). Dette er ein nedgang på 83 tCO<sub>2</sub>e frå 2018, eller 25 %. Per årsverk representerer dette ein nedgang på 19 %. Samanlikna med 2018 så er utsleppet redusert innanfor alle tre område (scope), men størst nedgang ser me i energiforbruket frå innkjøpt energi (scope 2). Den store reduksjonen kjem dels frå eit lågare energiforbruk, men også dels frå ein lågare utsleppsfaktor for elektrisitet samanlikna med 2018.





| SPAREBANK 1 HALLINGDAL VALDRES - KONSERN 2019 |            |       |                                |
|-----------------------------------------------|------------|-------|--------------------------------|
| Scope og kategori                             | Forbruk    | Enhet | Utslepp (kg CO <sub>2</sub> e) |
| <b>Scope 1</b>                                |            |       |                                |
| Fossilt drivstoff - diesel                    | 15268,60   | liter | 49,26                          |
| <i>Total</i>                                  |            |       | 49,26                          |
| <b>Scope 2</b>                                |            |       |                                |
| Elektrisitet                                  | 1508853,00 | kWh   | 179,55                         |
| Fjernvarme                                    | 67841,00   | kWh   | 7,87                           |
| Elbilkjøring                                  | 180857,70  | km    | 4,34                           |
| <i>Total</i>                                  |            |       | 191,76                         |
| <b>Scope 3</b>                                |            |       |                                |
| Flyreiser - Norden                            | 12,50      | stk.  | 3,59                           |
| Avfall - Restavfall                           | 6994,60    | kg    | 3,34                           |
| <i>Total</i>                                  |            |       | 6,93                           |
|                                               |            |       |                                |
| <b>Totale utslepp</b>                         |            |       | <b>247,95</b>                  |


Energiforbruket har stått og står framleis for den største andelen av klimagassutsleppet i konsernet. Gledelig er det at energiforbruket er redusert med 24 % samanlikna med 2018. Forbruket i 2019 var på ca. 1,5 GWh i 2019 mot ca. 2 GWh i 2018. Ein stor del av dette har sin årsak i reduksjon i kontorareal i løpet av 2019 frå ca. 8000 m<sup>2</sup> til ca. 7000 m<sup>2</sup>, samt ei rekkje av energieffektiviseringstiltak. Fjernvarmeforbruket er i 2019 redusert frå 159 MWh til 68 MWh, ein nedgang på 57 %. Det er store variasjonar mellom dei ulike kontora når det gjeld energibruk. Framover er det planlagt ei rekkje tiltak for å redusere energiforbruket ytterlegare, spesielt på dei kontor som har eit relativt høgt forbruk.

Kjeldesorteringsgraden på konsernnivå var på 53 % i året og fokus kommande år blir å få ei betre kjeldesortering samt bruk av mindre papir og minske total avfallsmengde.

Konsernet si største kjelde til klimagassutslepp er elektrisitet som utgjer 76 % av totalt utslepp. Deretter kjem bilkøyring og transport med 23 % målt i km-godtgjersle, elektrisitet og drivstoff til firmabiler. Avfall (restavfall) utgjer 1% av dei totale utsleppa.



### Konsernets største utslippsskjelder



Konsernet er lokalisert i eit distrikt med relativt store reiseavstandar. I tillegg har banken ei desentralisert organisering som gjer at det naturleg genererer ein del reiseverksemd mellom avdelingskontora. Ut frå dette har banken gjort ein del tiltak som skal gje positive effektar for miljøet i den daglege drifta.


25

elbilar/-syklar  
til disposisjon  
for dei tilsette

Det er i løpet av 2019 kjøpt inn ytterlegare 2 elbilar og konsernet har stort fokus på bruk av elbiler og samkøyring ved jobbreising.

Det er tilfredsstillande å sjå at tiltak som er sett i gang har effekt. Ein stadig aukande del av verksemda si bilkøyring blir gjennomført med elbilar. I 2018 vart 24 % av køyringa i arbeidstida gjort i elbil. I 2019 auka denne andelen til 41 %. I eit marknadsområde med store avstandar, er det viktig at dei tilsette har fokus på samkøyring. Samla køyrelengde i 2019 i heile

konsernet var 440 000 km.




## Klima- og miljøpåverknad i konsernet sitt verksemdsområde



Sparebank 1 Hallingdal Valdres har som strategi å vere i front for det grønne skiftet i vårt marknadsområde. Konsernet skal vere ein naturleg samarbeidspartner for kundane i det grønne skiftet. For å stimulere til meir miljøvenlege og energieffektive val, har produktporteføljen det siste året fått tre nye tilskot til eksisterande produktpalett; Grønt bustadlån, Grønt næringslån og Grønt innskot. Ved utgangen av året er det til saman sju produkt i den grønne porteføljen.

Samanlikna med 2018 har talet på lånetilsegn på grønne lån auka med ca. 60 %. Samla utlånsvolum til desse låna er på vel 74 mill. kroner. Dette er nesten ei tredobling det siste året. Den største auke kjem frå sollån (lån til solcellepanel) og grønt bustadlån. Det er venta at grønt bustadlån vil vekse relativt raskt i takt med kjennskap og betre verktøy for klassifisering av bustader.

Frå og med 2. kvartal i 2019 rapporterer banken den grønne balansen. Volumet så langt relativt lite, men det er ein klar ambisjon å auke dette. Ved å rapportere ein balanse blir også fokuset retta mot produkt passivasida representert med grønt innskot. Grøne obligasjonslån er eit produkt banken ikkje har nytta seg av enno, men som vil være naturleg i ei finansiering av den grønne balansen.



Banken sin handlingsplan er styrande for arbeidet framover. I bærekraftsarbeidet framover vil blant anna følgjande område ha fokus:

- Mål om å kvantifisere og rapportere klimagassutslepp, energireduksjon og andre relevante indikatorar frå vår eigne verdipapirplasseringar, i vår utlånsportefølje og effekten av grønne utlånsprodukt til energieffektiviseringstiltak, effektredusering, investeringar i grøn teknologi og fornybar energiproduksjon.
- Vidareutvikle integrering av klimarisiko (og andre ESG - environmental, social, governance aspekter) inn i risikostyring i kredittprosessen og på konsernnivå (TCFD-anbefalingar).
- Hyppigare måling og rapportering av indikatorar knytt til klima og miljø (kvartalsvis)
- Auke internt engasjement gjennom ulike kampanjar/prosjekt/opplæring.
- Kartlegge energiforbruket og etablere energieffektiviseringstiltak ved behov.

Meir informasjon om energi- og klimarekneskapen er tilgjengeleg i eigen klima- og miljørapport på kvart kontor i heile konsernet.

### *Menneskerettar*

SpareBank 1 Hallingdal Valdres driv heile si verksemd i Noreg og respekterer alle dei grunnleggjande menneskerettane. Her inngår også alle konvensjonar ratifisert som norsk lov slik som menneskerettskonvensjonen, ILOs kjernekonvensjonar og FN sine miljø- og korrupsjonskonvensjonar. Dette omfattar grunnleggjande rettar som alle menneske har, og som er regulert av nasjonal og internasjonal lovgjeving. Viktige bærebjelkar er rett til rettferdige og gode arbeidsvilkår, lik løn for likt arbeid, avskaffing av alle former for diskriminering, respektere urfolk sine rettar og forbodet mot barnearbeid. Dette er krav som gjeld all verksemd i konsernet og som er nedfelt i dokumentet: Våre prinsipper for miljø, etikk, samfunnsansvar og bærekraft.

I den daglege drifta blir SpareBank 1-alliansen i sin innkjøpspolicy lagt til grunn overfor våre leverandørar. Policyen stiller krav at våre leverandørar skal respektere menneskerettane. Ved brot på reglane kan det vere grunnlag for heving av avtala.

For sparing og plasseringsområdet medfører konsernets reglar at banken som fondsdistributør krev at fondsleverandørane følgjer SpareBank 1 retningslinjer for berekraftig distribusjon og anbefaling av verdipapirfond.

I lånesaker vil ein klar premiss overfor kundane vere at alle menneskerettar blir følgt og at alle tilsette er sikra tryggleik i jobben og rett til å vere med å bestemme over tilhøve på arbeidsplassen. Dette er nærare omtala i dokumentet vist til ovanfor.

Konsernet har i 2019 utøvd sitt virke i samsvar med diskrimineringslova sin formålsparagraf om å fremme likestilling, sikre like høve og å hindre diskriminering som følgje av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Leiinga i konsernet er særleg merksam på dette i samband med rekruttering. I eksisterande tilsettingsforhold er merksemda retta mot løns- og arbeidsvilkår, samt høve til forfremming og personleg utvikling for medarbeidarane.



Konsernet har fått på plass mykje av rammeverket rundt sikring av menneskerettane. Det er viktig framover å kunne nytte rammeverket i den daglege verksemda. Inntrykket er at i Noreg er menneskerettane godt ivareteke, men det skal ikkje vere nokon sovepute for det vidare arbeidet.

#### *Arbeidstakarrettar*

SpareBank 1 Hallingdal Valdres skal vere ein attraktiv og inkluderande arbeidsplass for medarbeidarar i alle aldersgrupper og livsfasar uansett kjønn, etnisk bakgrunn, nedsett funksjonsevne, religion livssyn eller legning. Konsernet legg til rette for at balansen mellom arbeid, heim og fritid blir opplevd som god for alle medarbeidarar. Konsernet ønskjer å hjelpe sine tilsette til å oppretthalde ei god helse gjennom å stimulere til fysisk aktivitet.

Banken har eit omfattande og robust rammeverk på organisasjonsområdet som skal sørge for at arbeidstakarane sine rettar blir oppfylt:

- personalhandbok, HMS-handbok, sikkerheitshandbok, IA-avtale
- interne avtalefesta utval – tilsettingsutval og forhandlingsutval
- arbeidsmiljøutval
- møte mellom leiing og tillitsvalde
- verneombod og bedriftshelseteneste
- etiske retningslinjer, rutine for bekymringsmeldingar, rutine for konflikthandtering
- opplæringsprogram for leiarar og rådgjevarar.
- jamlege organisasjonsundersøkingar
- jamlege oppfølgingssamtalar med leiar
- samlingar for nytilsette
- seniorpolitikk

I tillegg gjer banken mange tiltak for at både det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet skal vere bra.

Konsernet sitt HMS-system er vedlikehalde i 2019.



Arbeidsmiljøet i konsernet blir opplevd som godt. Dette byggjer på den årlege organisasjonsundersøkinga i alle verksemdar og som gir eit godt bilete av arbeidsmiljøet i alle avdelingar. Resultatet blir grundig følgd opp i etterkant og resulterer i ulike tiltak på

avdelings-, verksemds- eller konsernnivå. På denne måten blir det jobba systematisk og kontinuerleg med arbeidstilhøva i organisasjonen over tid.


Banken er medlem av Finansnæringens Autorisasjonsordninger. Dei fleste av våre rådgjevarar har gjennomført autorisasjonsløp og nyttilsette er i gang med sine. I 2019 har banken knytt seg til den nyaste autorisasjonsordninga for rådgjevarar innan personforsikring. Det er i dag følgjande autorisasjonsordningar:

- Autorisert finansiell rådgjevar (sparing/plassering)
- Autorisert skadeforsikringsrådgjevar
- Autorisert kredittrådgjevar
- Autorisert personforsikringsrådgjevar.

Sjukefråveret i konsernet har normalt sett vore stabilt lågt og godt under gjennomsnittet i bransjen. For 2019 har det samla sjukefråveret på 5 %. Dette er eit høgare tal enn tidlegare rapportert sjukefråvær då tidlegare tal har vore knytt til legemeldt sjukefråvær.

Det blir arbeidd godt på det førebyggjande området og som konsernet legg vekt på å ha gode ordningar for dei tilsette. Blant anna blir regelmessig aktivitet honorert. Konsernet vurderer dette som ei god og målretta ordning.

Sjukefråvær i prosent



Konsernet har ikkje vore utsett for alvorlege ulykker eller ran i 2019.



Basert på det systematiske arbeidet som blir gjennomført på dette området satsar konsernet på å oppretthalde nivået for arbeidet med arbeidstakarrettar og arbeidsmiljø i tida framover. Den årlege organisasjonsundersøkinga er ein god temperaturmålar på status i organisasjonen i tillegg til tett oppfølging av den enkelte arbeidstakar frå sin leiar. Konsernet forventar ingen vesentleg endring i rammevilkåra for dette arbeidet i nær framtid.

#### *Likestilling og ikkje-diskriminering*

Banken skal arbeide målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering på bakgrunn av kjønn, nedsett funksjonsevne, etnisk opphav, hudfarge, språk, religion og livssyn. I samsvar med krav i likestillingslova og rekneskapslova skal det i årsmeldinga gjerast greie for situasjonen i konsernet når det gjeld likestilling.

Konsernet har utarbeidd ei eigen rutine for varsling av kritikkverdige tilhøve. Til dette høyrer alle former for trakassering og anna uforsvarleg oppførsel, slik som mobbing og seksuell trakassering, diskriminering, kriminelle forhold og forhold der liv og helse er i fare. Det er


inngått avtale om ei særskilt varslingsordning med selskapet EY, som sikrar mogelegheit for anonym varslingsordning om slike tilhøve. Konsernet har etablert eit internt mottaksteam for slike varsel. Det er også etablert ein praksis med årleg varslingsøvingar.

Det er ikkje lønsforskjellar mellom kjønna i banken for medarbeidarar i same type stilling, men det vil vere lønsforskjell mellom stillingar ut frå stillingsinnhald og krav til kompetanse.


Arbeidstida er lik for begge kjønn, men kvinner ønskjer i større grad enn menn redusert arbeidstid. Konsernet har såleis ei overvekt av kvinner i deltidstillingar.

Konsernet oppmuntrar og legg forholda til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholda blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale. Store moglegheiter for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling må og sjåast som eit ledd i konsernet sitt likestillingsarbeid.

Konsernet arbeider kontinuerleg med å få ein god balanse i dei tilsette si alders- og kjønnsfordelinga. Rekruttering av til dels unge, unge etablerte og vaksne med band til Hallingdal og Valdres er høgt prioritert.




Kjønnsfordeling i styret




■ Kvinner i styre ■ Menn i styre

Kjønnsfordeling i ledelsen



■ Kvinner i ledelsen ■ Menn i ledelsen

Kjønnsfordeling i konsernstyret er god med 50 % av kvart kjønn. Kjønnsfordelinga i leiinga er litt ulik frå selskap til selskap, men i sum er ca. 1/3 av totalt 16 leiarar kvinner.



Konsernet har ei relativt god aldersfordeling blant dei tilsette. Den største tilsettgruppa finne ein i intervallet 50-59 år som utgjør 30 % av alle tilsette. Dei over 60 år er også relativt mange og konsernet har difor tiltak på auke rekruttering i forkant av at tilsette i denne gruppa når pensjonsalder. Konsernet er både stolt og glad for å kunne vise at 16 % av dei tilsette er under 30 år. Dette er i stor grad unge frå Hallingdal og Valdres som har kome attende etter gjennomført høgare utdanning. Det er viktig for konsernet å vere ein attraktiv arbeidsplass for denne gruppa.

I det vidare arbeidet med likestilling og ikkje-diskriminering er rekruttering den viktigaste oppgåva. Her vil det bli fokusert å rekruttere inn unge medarbeidarar med god utdanning og med ein relasjon til Hallingdal og Valdres. Spesielt fokus vil det vere på rekruttering i Valdres.

Ved utgangen av året hadde konsernet 177 heil- og deltidstilsette. Samla årsverk ved utgangen av året var på 159 (mot 151 i 2018).

### *Sosiale tilhøve*

Samfunnsansvaret blir spegla i alle ledd av verksemda, me er opptatt av korleis vår verksemd påverkar menneske, miljø og samfunn. Me bidreg også til utvikling av lokalsamfunnet, blant anna gjennom støtte og sponing av ei rekkje lag og foreiningar.

Konsernet har ein vedteken sponsorstrategi som ligg til grunn for dette arbeidet. Målet med sponsorarbeidet er at både konsern og sponsorobjektet skal ha gjensidig nytte av avtala og forsterke konsernet sine verdiar – engasjert og dyktig. Gjennom sponsorarbeidet viser konsernet seg som ein viktig samfunnsaktør og bidragsytar i Hallingdal og Valdres.


Målgruppe for konsernet sitt sponsorarbeid er barn og unge vaksne som er engasjert i breiddeidrett og kulturarrangement som er samanfallande med banken sine verdiar. Det gjer



at konsernet ikkje er sponsor for miljøskadelege føremål, offentleg tiltak, lag og foreiningar utanfor konsernet sitt marknadsområde.

Konsernet brukte i 2019 vel 3,4 mill. kroner i sponsoraktivitetar. Dette er midlar som er eig god investering i lokalsamfunnet. Tek me med summen som våre eigarar (stiftelsane) gir i gåver, støtte og tilskot var summen i 2019 på 16,2 mill. kroner.

I sum er desse pengane med på å skape mykje god og sunn aktivitet i våre lokalsamfunn. Det vil være ei prioritert oppgåva framover å investere minst like mykje i våre lokalsamfunn dei komande åra.



#### *Arbeid mot kvitvasking/terrorfinansiering*

Banken har som føremål gjennom sitt arbeid med antikvitvasking å førebyggje og avdekke transaksjonar knytt til utbytte av straffbare handlingar eller terrorfinansiering.

Arbeidet med antikvitvasking er regulert gjennom styringsdokument for antikvitvasking og terrorfinansiering, rolleinstruks og retningslinjer.

Dette er eit område som har hatt stort fokus i 2019. Myndigheitene har, gjennom Finanstilsynet, sett krav til at bankane si eksisterande kundeportefølje skal vere i samsvar med krav i kvitvaskingslova. I praksis har dette medført at alle bankar har prioritert å hente inn godkjent legitimasjon frå alle kundar i 2019. Store interne ressursar er nytta i arbeidet som vart gjennomført mot slutten av 2019 og litt inn i 2020.

Legitimasjonskravet har spesielt vore utfordrande for mange lag og organisasjonar som har mangla organisasjonsnummer noko som er ein føresetnad for godkjent legitimering for å ha eit kundeforhold.

For mange eldre personkundar og kundar busette i utlandet har det også vore utfordrande å framvise godkjent legitimasjon ved personleg frammøte på eit bankkontor.

Kvitvaskingslova stiller krav til registrering og lagring av legitimasjonsdokument. I tillegg må kvaliteten vere tilstrekkeleg. For mange kundeforhold etablert før 2009 har ikkje dette vore gjeldande praksis. Mange kundar med eit langvarig kundeforhold til banken har måtte stille opp på eit bankkontor med legitimasjon.

I dei tilfelle der kundane ikkje har vore i stand til framvise godkjent legitimasjon, er alle konti tilhøyrande kundeforholdet sperra.

Det er eit viktig arbeid som har hatt fokus i 2019 og dette arbeidet er i høgste grad med på at banken kjenner, og veit, kven alle kundar er, og gjere det vanskelegare å nytte banken si verksemd knytt til kvitvasking og terrorfinansiering.



I eit konsern der alle verksemdar driv etter konsesjon frå Finanstilsynet er det naturleg at arbeid mot korrupsjon blir flagga høgt. Dette blir i hovudsak gjort i form av etiske retningslinjer for selskapa. I tillegg møter ein lovkrav som representerer tiltak mot korrupsjon. T.d. må styremedlemene, dagleg leiar og fagansvarleg i selskap som skal drive eigedomsmekling, leggje fram politiattest for å kunne ha stillinga/vervet. Innanfor rekneskapsverksemda må alle som vil oppnå autorisasjon leggje fram politiattest, og i banken må alle tilsette kunne framvise politiattest før ein går inn i ei stilling. Med andre ord er det gode sikkerheitsventilar her.

Arbeidet mot korrupsjon, kvitvasking og terrorfinansiering blir følgt opp gjennom interne retningslinjer og etterleving av lover og forskrifter innanfor desse områda. Det er høgt fokus på opplæring i og etterleving av interne antikvitvaskingsrutinar og -regelverk. Årleg opplæring og oppdatering for alle tilsette og styret på antikvitvaskingsområdet er nedfelt i konsernet sine retningslinjer. Det har dei siste åra blitt sett i verk eit omfattande arbeid innan SpareBank 1 på området der fokuset har vore samhandling, sentralisering av kompetanse og felles ressursutnytting.

Banken følgjer same felles retningslinjer som andre bankar i SpareBank 1-Alliansen når det gjeld svindelførebyggjande tiltak. Det blir arbeidd kontinuerleg for at tenester på nett og mobil skal vere sikre, og at kundane brukar desse på ein sikker måte. Retningslinjene inneheld blant anna rådgeving for sikker bruk av nettbank og sikker netthandel, generelle nettvett- og kortvettregler, og anbefalte tiltak frå kunden si side for å sikre seg mot ID-tjuveri.

Med det store fokuset som har vore på legitimasjonskontroll i 2019, har banken kome langt i det førebyggjande antikvitvaskingsarbeidet. Arbeidet vil ha høgt fokus framover med spesiell vekt på legitimasjonskontroll av alle nye kundar.

### 6. Årsmelding 2019

SpareBank 1 Hallingdal Valdres var i 2019 den 32. største av totalt 124 bankar i Noreg. Banken har ikkje noko hovudkontor, men har fullservicekontor på Geilo, Ål, Gol, Hemsedal i Hallingdal og Beitostølen, Heggenes og Fagernes i Valdres.

Banken utferda i 2012 eigenkapitalbevis der Sparebankstiftelsen Hallingdal og Sparebankstiftelsen Øystre Slidre er eigarar av desse etter fusjonen mellom SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank same året.

Banken fører rekneskapen etter norske rekneskapsreglar, NGAAP (Norwegian Generally Accepted Accounting Principles). Dette er reglar som er nedfelt i rekneskapslova frå 1998 og God regnskapsskikk i Norge.

#### Verksemdsområde og marknad

I konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres inngår morbanken og dotterselskapa innanfor eigedomsmekling, rekneskapsføring, bygningsdrift og investeringar. I tillegg er banken deltakar i to felleskontrollerte verksemdar, Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Meir detaljar om dotterselskap og felleskontrollerte verksemdar i note 2.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres sin primære geografiske marknad er avgrensa til dalføra Hallingdal og Valdres, men innslaget av bankkundar busett i Oslo/Akershus er også betydeleg. Konsernet er totalleverandør av produkt og tenester innanfor følgjande forretningsområde:

- Betalingsformidling
- Finansiering
- Forsikring
- Sparing og plassering
- Eigedomsmekling
- Rekneskapsføring

Konsernet har som målsetting å vere ein betydeleg aktør innanfor alle forretningsområda i marknadsområdet og har lokalt ein leiande posisjon innan dei fleste områda.

#### Utvikling i norsk økonomi 2019

Hovudbiletet er at det framleis går relativt godt i norsk økonomi, og oppgangskonjunktoren dei siste 3 åra held fram. Fastlands-BNP har vokse raskare enn trend gjennom hele 2019, og ser ut til å lande på ein årleg vekst på 2,6 prosent. Auken i sysselsettinga tok seg opp gjennom både 2018 og inn i 2019, sjølv om utviklinga har avteke noko mot slutten av 2019. I

Fastlands-Norge auka sysselsettinga med 32500 personar frå fjerde kvartal 2018 til tredje kvartal 2019, tilsvarande ein vekst på 1,7 prosent. Arbeidsløysa (AKU) ser ut til å ha flata ut på 3,6 prosent, mens NAV-registrerte tall for heilt ledige er 2,2 prosent av arbeidsstyrken.

Olje- og gassinvesteringane auka med 14 prosent i 2019, og er ein sterk drivar til veksten i norsk økonomi. Trass i fallande verdshandel har norsk eksport helde seg godt oppe gjennom 2019. Eksporten av fisk har auka mykje, og er ved utgangen av 2019 på eit rekordhøgt nivå. Dei vidare vekstutsiktene i norsk økonomi tyder på noko mindre auke. Indikatorar peikar mot lågare vekst i investeringar, produksjon og eksport framover.

Hushalda sitt forbruk har hatt relativt svak vekst i 2019, og er med ein vekst på 1,6 prosent klart svakare enn aktivitetsveksten i fastlandsøkonomien elles. I følgje Finans Norge sitt forventningsbarometer er hushalda sine framtidsutsikter noko lågare, mest på grunn av mindre tru på landets økonomi. Hushalda si sparelyst er aukande, og forventningane til eigen økonomi er noko styrka. Dette kan henge saman med Norges Banks sitt varsel om ei flat utvikling i styringsrenta framover etter siste heving til 1,5 % i september.

Etter mange år med sterk vekst i bustadprisane har me sidan 2017 sett ein moderat og stabil vekst i bustadmarknaden. Ved slutten av året var tolv månadersveksten i snitt 2,5 prosent, svakt over konsumprisveksten. Aktiviteten i bustadmarknaden er framleis svært høg. Samla sett indikerer dette eit relativt stabilt og balansert bustadmarknad framover.

Norske myndigheiter har følgd opp utviklinga dei siste par åra med ein noko mindre ekspansiv finanspolitikk. Etter fleire år med sterk vekst i bruken av oljepengar over statsbudsjettet, er det rett å møte utfordringane i norsk økonomi og dei statsfinansielle utfordringane som ligg framom oss, med ein strammare pengepolitikk. For 2019 er det strukturelle oljekorrigerte budsjettunderskotet anslått til 7,8 prosent. Budsjettet for 2020 er venta å ha ein svakt innstrammande effekt.

### **Forsikringsfusjon**

Fusjonen mellom SpareBank 1 Skadeforsikring og DNB Forsikring AS vart gjennomført med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2019 med SpareBank 1 Skadeforsikring som overtakande selskap. SpareBank 1 Gruppen AS har en eigardel på 65 % og DNB ASA 35 % i Fremtind Forsikring AS. Me viser til kvartalsrapportar for 2019 for dei rekneskapsmessige og likviditetsmessige konsekvensane av denne transaksjonen.

Fremtind Forsikring AS fekk løyve den 2.9.2019 av Finanstilsynet til å drive livsforsikringsverksmed gjennom det heileigde dotterselskapet Fremtind Livsforsikring AS. Personrisikoforsikringane frå SpareBank 1 Forsikring og DNB Livsforsikring, i tillegg til dei bedriftsbetalte personrisikoforsikringane frå SpareBank 1 Forsikring, blir overført til Fremtind Livsforsikring AS 1. januar 2020.

Fisjonen av SpareBank 1 Forsikring og DNB Livsforsikring med overføring til Fremtind Livsforsikring AS der oppgjeret er utferd av Fremtind Forsikring blir gjennomført med rekneskapsmessig verknad per 1. januar 2020.

Det er lagt til grunn ein samla verdi av personrisikoområdet på ca. 6,25 mrd. kroner. Fisjonen vil medføre ein auke i eigenkapitalen for SpareBank 1 Gruppen på konsernnivå. Majoriteten (SpareBank 1-bankene og LO) sin del av denne auken er om lag 1,7 mrd. kroner. SpareBank 1 Hallingdal Valdres sin del av denne auken (1,51 prosent) utgjør om lag 25 mill. kroner og vil bli inntektsført i første kvartal 2020.

SpareBank 1 Gruppen AS (morselskapet) vil få ein skattefri gevinst på 937 mill. kroner som følgje av denne fisjonen. SpareBank 1 Gruppen AS sitt utbyttegrunnlag aukar tilsvarande denne gevinsten. SpareBank 1 Hallingdal Valdres sin del av eit eventuelt utbytte på 937 mill. kroner (1,51 prosent), utgjør om lag 14,2 mill. kroner.

DNB har opsjon på å kjøpe seg opp frå 35 % til 40 % i Fremtind Forsikring AS innan 31. mars 2020. Dersom DNB nyttar opsjonen, vil SpareBank 1 Gruppen AS (morselskapet) få ein gevinst på ca. 890 mill. kroner. SpareBank 1 Gruppen AS sitt utbyttegrunnlag aukar tilsvarande denne gevinsten. Bruk av opsjonen vil også medføre ein auka eigenkapital for SpareBank 1 Gruppen på konsernnivå. Majoriteten (SpareBank 1- bankane og LO) sin del av den auken vil vere ca. 590 mill. kroner.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres sin del av denne auken (1,47 prosent) utgjør om lag 9 mill. kroner og vil bli inntektsført i løpet av 2020.

Eit eventuelt ekstraordinært eller ordinært utbytte frå SpareBank 1 Gruppen AS vil vera bestemt av kapitalsituasjonen og avgjerder i dei styrande organa i selskapet, samt av regelverket for ekstraordinært utbytte frå finansføretak på det aktuelle tidspunktet.

### **Utvikling i marknadsområdet Hallingdal og Valdres**

Konsernet lever i og med lokalmarknaden. Lokale endringar vil påverke konsernet sitt aktivitetsnivå. Hovudintrykket er at aktivitetsnivået er høgt i begge dalføre der turistrelatert næring har nok å gjere. Hyttebygginga held fram i minst like høgt tempo som tidlegare. Hotell- og leileghetsprosjekt er stadig under planlegging og bygging. Dette smittar over på andre næringar og gir ei god sysselsetting. Arbeidsløysa i dei 12 kommunane i Hallingdal og Valdres held seg på eit lågt nivå. Kommunetal frå november-19 viser at den ligg på 0,7-2,0 %.

Utvikling i folketalet er ein viktig indikator for utviklinga i vår region. Som distriktskommunar vil utflytting vere ein trussel mot folketalsutviklinga. I fleire år har folketalet helde seg oppe bl.a. gjennom busetting av asylsøkjjarar. Denne utviklinga snudde i Hallingdal i 2017. I Valdres har folketalet vore fallande dei siste åra og sidan 2015 er reduksjonen på 1,0 %. Hallingdal hadde vekst fram til 2017 då utviklinga snudde. Siste 4 år er nedgangen på 0,8 %. Samla for Hallingdal og Valdres er folketalet redusert med 343 personar eller -0,9 % sidan 2015.

Varehandelen er ei viktig næring for regionen. Samla sett er den aukande, men utviklinga varierer mykje mellom kommunane. Nord-Aurdal og Gol ligg på eit høgt nivå i omsetning pr. innbyggjar per år med ca. 71.000 kroner pr. innbyggjar. Gol er rett bak med 69.000 pr. innbyggjar. I 2019 har Hemsedal hatt prosentvis sterkast vekst og har no ei omsetning i detaljhandelen på over kr 66.000 per innbyggjar. Gjennomsnittet for kommunane i

Hallingdal og Valdres ligg på kr 44.800, men fordeler seg frå kr 17.300 til 71.000. Dei siste 4 åra er det Øystre Slidre kommune som kan vise til den største prosentvise auken med ein vekst på ca. 29 % vekst i omsetning per innbyggjar.

Det er vanskeleg å finne gode tal som viser utviklinga i eit samla reiseliv for regionen. Aktiviteten er samansett og kan best illustrerast gjennom tal på utvalde område. Ser ein på overnattingsstatistikk for hotell og liknande viser den fylkesvise utviklinga i Oppland ein vekst siste fire på 14,2 %, medan Buskerud har ein nedgang i same tidsrom på 3,7 %. Desse tala gir nok ikkje noko godt bilete av utviklinga innanfor reiselivet då mykje av gjestedøgna i vårt marknadsområde skjer i private hytter og leilegheiter.

### **SpareBank 1 Hallingdal Valdres si bankverksemd i 2019**

I dette avsnittet er litt av det som skjer innafor fagområda i banken omtala. I løpet av eit driftsår er det normalt at det er endringar i organisering, tilsette, produkt og system.

#### *Forsikringsområdet*

Innan forsikringsområdet har banken hatt ein god vekst både på privatmarknaden og bedriftsmarknaden i 2019. For privatmarknaden er total forsikringsportefølje ved utgangen av året på 90 mill. fordelt med 62 mill. på skadeforsikring og 28 mill. på personforsikring. For bedriftsmarknaden er skadeforsikringsporteføljen på 23,9 mill. og pensjonsporteføljen på 27 mill. Porteføljen på landbruk har også hatt ein fin vekst og passerte 15 mill. ved årsskiftet.

Bruk av sjølvbetente løysingar er aukande. Kundane kan blant anna rekne pris, kjøpe forsikring, melde skade og gjere endringar i mobil- og nettløysingane. I tillegg får kundane god oversikt over alle sine forsikringar, noko dei fleste er svært fornøgd med. Kundane er også fornøgd med å kunne samle bank og forsikring på ein stad.

Kunde og kompetansesenteret vårt har eigne forsikringsspesialistar som jobbar mot privatkundar. I tillegg får kundane hjelp av autoriserte rådgjevarar ved våre kontor både i Hallingdal og Valdres. Me har også spesialistar på pensjon, landbruk og næringsforsikring som jobbar mot bedriftsmarknaden.

#### *Betalingsformidling og digitale tenester*

Betalingsområdet er i rask utvikling og satsinga i SpareBank 1 på digitale tenester aukar. SpareBank 1 meiner at det er på betalingsområde me er nærast kundane og det blir difor satsa på stadig nye tenester i digitalbanken (mobilbank og nettbank). Kundane brukar mobilbanken langt meir enn nettbanken. Mot slutten av året viste tala meir enn 4 gonger fleire innloggingar i mobilbank enn nettbank. Det er difor høgt prioritert å få alle digitale tenester tilgjengeleg også i mobilbanken.

Den største endringa i 2019 har vore moglegheit til å hente inn tilgjengelege kontoar frå andre bankar inn i vår nettbank/ mobilbank, samt betale frå desse kontoane. Dette er ei teneste mange kundar nyttar seg av. SpareBank 1 legg mykje ressursar i utvikling for å kunne

tilby kundane den beste digitalbanken. Banken har mål om at kundane skal oppleve at dei får full oversikt over eigen økonomi gjennom vår digitalbank.

Kundane kan gjennom digitalbanken gje tilbakemeldingar på produkta og tenestene me leverer, og på den måten er dei ein viktig bidragsytar i utviklinga av våre digitale tenester.

I 2019 vart også klokkebetaling lansert som ei ny teneste. Marknaden for kontaktlaus betaling er utbreidd i mange andre land og stadig fleire butikkar tilbyr kontaktlaus betaling. Den nye løysinga gjer at du registrerer kortinformasjon inn i klokka og betalar med klokka i butikken. Først er tenesta avgrensa til enkelte modellar.

Nettbank og Mobilbank for bedrifter har også kome med mange nye tenester dette året i nært samarbeid med kundane og deira behov


#### *Finansieringsområdet*

2019 har vore eit år med lågare utlånsvekst enn det me har sett dei siste åra. Dette har vore biletet både for privatkundane og bedriftskundane. Utlånsveksten i Noreg har vore svært høg over tid, og myndigheitene har nytta ulike verktøy for å redusere kredittveksten. Først og fremst gjennom forskrifter, men i 2019 kom gjeldregisteret på plass. Dette er eit viktig verktøy for betre å kunne vurdere lånekundane sin samla økonomi.

Banken har lenge hatt eit grønt fokus, og har hatt Miljølån og Sollån i produktporteføljen i nokre år. Våren 2019 lanserte banken Grønt bustadlån og Grønt næringslån. Desse låneprodukta skal i større grad motivere både privatkundar og bedriftskundar til å ta grønne og energisparande val.

I gjennomføringa av den grønne strategien er bærekraft og klimarisiko teke inn som element i banken sin policy for styring av kredittisiko. Det er viktig å ta vurdering av klimarisiko inn i banken sine kredittvurderingar.

Dei siste åra har banken hatt svært lite misleghald og tap på utlåna, men er budd på at dette kan auke framover ettersom me ser teikn på at fleire får problem med å handtere lånegjelda si.



### *Plasseringsområdet*

Aksjesparekonto der ein samlar aksjar, aksjefond og eigenkapitalbevis vart innført i 2017. I løpet av 2018 og 2019 har det vore mogleg for kundar å flytte aksjar og aksjefond til Aksjesparekonto utan at det genererer skatt. Mange har nytta denne mogelegheita og flytta verdipapir frå andre leverandørar til oss. Om lag 70 % av alle aksjefond våre kundar eig er no knytt til ein aksjesparekonto.

Velfungerande digitale tenester er viktig også på plasseringsområdet. Tal viser at i løpet av 2019 er ca. 97 % av alle spareavtalar kjøpt sjølvbetent gjennom nettbank eller mobilbank. Talet på nye spareavtaler er på eit relativt bra nivå. Dette er avtaler som over tid er viktig for kundane. Nivået på eingongsteikningar i fond har også vore godt over forventa.

Etter lang tid med uendra styringsrente sette Norges Bank opp renta med 0,25 prosentpoeng i mars, juni og september. Dette førte til tre rentejusteringar på våre innskotskonti gjennom året.

### *Felles fakturasentral for SamSpar*

Fakturasentralen har vore gjennom sitt tredje heile driftsår og har i løpet av året handsama i underkant av 44.000 faktura for 10 SpareBank 1-bankar og for SparBank 1 SamSpar AS. Eit mål for fakturasentralen har vore å auke andelen av EHF-faktura til bankane. I løpet av året har denne kome opp på 80 % og gir ei god effektivisering av bankane si fakturahandsaming.

## **Resultatutvikling**

### *Resultatet for 2019 i morbank*

Resultatrekneskapen for morbanken i 2019 viser eit svært godt resultat som er sterkt påverka av eingongseffektar. Utan desse postane som er omtala nedanfor ville resultatet vore om lag på nivå med dei to føregåande åra.



Årsoverskotet etter skatt for rekneskapsåret 2019 i morbanken vart 209,5 mill. kroner som er 77,9 mill. høgare enn 2018. Dette gir ei eigenkapitalavkastning etter skatt på 14,5 % mot 10,2 % i 2018.

I 2019 er det to transaksjonar som slår markant ut på årsresultatet:

- SpareBank 1 Gruppen AS og DNB ASA gjekk 24. september 2018 inn ei avtale om å slå saman forsikringsverksemdene sine. Fusjonen vart godkjent av Finanstilsynet 21. desember med verknad frå 1. januar 2019. Det fusjonerte selskapet har namnet Fremtind Forsikring AS. I transaksjonsavtala vart det lagt til grunn eit byteforhold på 80 prosent for SpareBank 1 Gruppen AS og 20 prosent for DNB ASA. I fusjonen kjøpte DNB ASA seg opp til 35 % eigardel. Banken sin del av salet har banken fått som ekstraordinært utbytte i 2019 og utgjør 25,7 mill. kroner. DNB har i tillegg ein opsjon på å kjøpe seg vidare opp til 40 prosent eigardel i Fremtind Forsikring AS.
- SpareBank 1-bankane vart i byrjinga av 2019 samde om ei avtale som endrar eigarstrukturen i BN Bank ASA. Endringa medførte at SpareBank 1 Hallingdal Valdres selde aksjeposten i BN Bank ASA som banken hadde hatt sidan hausten 2008. Dette salet gav banken eit ekstraordinært utbytte på 52,1 mill. Inntekta er inntektsført som gevinst ved sal av aksjar i rekneskapen.

Til saman utgjør desse to transaksjonane ei ekstraordinær inntekt på 77,9 mill. i 2019.

Banken sine netto renteinntekter vart 197,2 mill. kroner som er ein auke på 11,2 mill. kroner frå 2018. Målt i høve til gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) minkar rentenettoen frå 1,81 i 2018 til 1,80 % i 2019. Inntekter frå overført låneportefølje til kredittføretak blir klassifisert som provisjonsinntekter og ikkje som renteinntekt. Innteninga frå denne porteføljen svarar til ei inntekt på 0,18 % av GFK. Slik sett blir samla inntekter knytt til utlån og innskot samt renteplasseringar 1,98 % av GFK mot 2,01 % i 2018.

Ordinært utbytte frå Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar) i 2019 er også på 25,7 mill. kroner. Dermed utgjør ordinært og ekstraordinært utbytte frå SamSpar mesteparten av inntektsført utbytte på 62,8 mill. kroner i 2019.


I morbanken sin rekneskap utgjør dotterselskapa ei netto inntekt på 0,9 mill. kroner i 2019. Banken sine dotterselskap blir innarbeidd i rekneskapen etter eigenkapitalmetoden. Etter denne metoden blir banken sin del av eigenkapitalen berekna og resultatet inntektsført i samsvar med denne andelen. Alle banken sine dotterselskap er 100 % eigd av banken. Tre dotterselskap har negative resultat i året og reduserer det positive resultatet frå EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Meir omtale av dotterselskapa lenger bak i årsrapporten.

Netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester var i 2019 på 75,5 mill. kroner som er ein auke på 1,2 mill. kroner. Provisjonsinntektene held dermed fram med ei utflating i veksten som me såg i fjor. Betalingsformidling er eit område der det er venta hardare konkurranse framover. Provisjonane frå SpareBank 1 Boligkreditt AS (boligkreditt) og SpareBank 1 Næringskreditt AS (næringskreditt) er om lag på same nivå som i 2018.

På grunn av salet av aksjane i BN Bank som omtala ovanfor vart netto resultat frå finansielle egedelar på heile 54 mill. i 2019, men mesteparten kjem frå aksjesalet. Rekneskapen viser dei realiserte gevinstane. Året 2019 vart eit godt år for verdipapir i motsetnad til slutten av 2018. Spesielt for banken sine aksjefond har det vore ei god verdistigning i året som gjer at urealisert gevinst på denne posten ved utgangen av året er på 26,2 mill. kroner. Dette går ikkje fram av rekneskapen. Avkastning på banken si verdipapirportefølj (obligasjonar og verdipapirfond) som ligg hjå ekstern forvaltar vart i 2019 på 4,82 % etter forvaltningshonorar.

Samla driftskostnader er auka frå 147,2 mill. kroner i 2018 til 152,3 mill. kroner i 2019. Auken kjem i hovudsak i administrasjonskostnader. Dette er i sum mange ulike typer kostnader som går direkte inn i tenesteproduksjonen, men kostnadane til sentral drift i alliansen aukar framleis meir enn interne kostnader. Samarbeidende Sparebanker AS har bygd opp ein administrasjon i Oslo som utfører oppgåver for alle deltakarbankane. Ein ser at felleskostnader og spesielt kostnader til IT drift og utvikling som aukar vesentleg. Dette er likevel viktige prioriteringar for å kunne vere i front med framtidsretta kundeløysingar på dei digitale flatene.

Andre driftskostnader er ned 2,2 mill. kroner i 2019. Denne posten er påverka av endringane som vart gjort i 2018 med sal av bankbygg frå dotterselskap til morbank. Dette gjer at posten husleigekostnader er sterkt redusert medan avskrivningar og driftskostnader har auke noko. I sum er kostnadene likevel noko redusert etter endringa. Det er ikkje gjort større bygningsmessige endringar i 2019. Ny post i 2019 er kostnader til internrevisjon, men denne utgjer ikkje nokon stor netto auke då det tidlegare er utført ein del internrevisjonsprosjekt som no er ein del av den ordinære internrevisjonen.



Figuren viser kostnadsprosenten dei siste 5 åra.

Strategisk plan for 2018-2020 har ei målsetting om ein kostnadsprosent under 45. Med dei ekstraordinære inntektene i året blir rapportert tal for 2019 langt under dette målet. Korrigert for ekstraordinære inntekter blir kostnadsprosenten 48,2 % i 2019.


Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningslinjer fra Finanstilsynet. Banken sin administrasjon går kvart kvartal gjennom privat- og bedriftsmarknaden med konkret vurdering av tapsutsette engasjement. Tapsføring og eventuell nedskrivning blir vurdert og vedteke av styret i samband med kvartalsrekneskapen fire gonger i året. Meir informasjon om desse vurderingane er omtala i nota om generelle rekneskapsprinsipp.

Banken har i 2019 eit netto inntektsføring på posten tap på utlån og garantiar på 4,3 mill. kroner. Årsaka til denne inntektsføringa er ein reduksjon i dei gruppevise nedskrivningane på 8,6 mill. kroner. Desse har ligge på eit litt for høgt nivå sidan 2015 då Finanstilsynet oppmoda bankane om å vurdere behovet for nedskrivningar særskild i lys av oljeprisfall og reduserte investeringar i oljerelaterte sektorar. Nedskrivningane er i litt liten grad blitt reversert i takt med betringa i norsk økonomi og det låge tapsnivået me har sett dei siste åra.

Konstaterte tap på lån og garantiar utgjør 5,3 mill. kroner, medan individuelle nedskrivningar på lån og garantiar er redusert med 0,1 mill. Det er også inntektsført 1,0 mill. i inngått på tidlegare nedskrivne lån og garantiar. Meir om banken sin tapskostnad i note 3.

Banken sin skattekostnad for 2019 er rekna til 37,0 mill. kroner. Morbanken har i rekneskapsåret 2019 gitt konsernbidrag som utnyttar framførbart underskot i dotterselskap. Meir omtale av dette på side 38.

Årsresultatet i morbanken på 209,5 mill. kroner etter skatt er godt over styret sine forventningar til året.




#### *Resultatet for 2019 i konsernet*

Det er morbanken som utgjør dei største resultatpostane i konsernrekneskapen. Dotterselskapa blir konsolidert inn i konsernrekneskapen med både inntekter og kostnader. Transaksjonar mellom selskapa blir eliminert. I tillegg blir banken sin resultatandel frå den

felleskontrollerte verksemda Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar) inntektsført i konsernresultatet. Utbetalt utbytte frå dette selskapet i året blir eliminert for ikkje å få dobbel verknad.

Resultatet frå SpareBank 1 Gruppen blir innarbeidd etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen gjennom Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar). Banken sin andel av dette utgjer 55,1 mill. kroner, medan tidlegare omtala motteke utbytte på 51,4 mill. kroner blir eliminert slik at netto verknad i konsernrekneskapen er +3,7 mill. kroner i høve til morbankresultatet.

Konsernet sine samla inntekter aukar med 37 mill. kroner frå 396 mill. i 2018 til 433 mill. i 2019. Inntektsutviklinga i dotterselskap er nærare omtala på side 45. Driftskostnadane er i same tidsrom auka med 7,6 mill. kroner frå 226,3 mill. til 233,9 mill.




Driftsresultatet før skatt i konsernet vart rekordhøge 203,9 mill. kroner, mot 164,2 mill. kroner i 2018.

Resultat etter skatt enda på 166,9 mill. kroner mot 136,4 mill. i 2018. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 11,2 %.

### Balanseutvikling

Konsernet hadde ved utgangen av 2019 ein forvaltningskapital på 11,4 mrd. kroner, som er ein auke på 0,7 mrd. kroner eller 6,2 % frå utgangen av 2018. Balanseutviklinga er prega av god vekst i innskot, og avtakande vekst i utlån.



Brutto utlån auka 168 mill. kroner til 9.014 mill. kroner som er ein auke på 1,9 % i 2019.

Ved årsskiftet hadde banken overført bustadlån til boligkreditt for 2.468 mill. kroner og næringskreditt med 36 mill. Tek ein omsyn til desse overføringane er reell utlånsvekst i konsernrekneskapen også 1,9 %.


Brutto utlånsengasjement som har vore misleghalde i meir enn 90 dagar utgjør 79,5 mill. kroner, mot 37,6 mill. i 2018. Misleghaldet utgjør med det 0,9 % av brutto utlån. Dei samla tapsnedskrivingane er redusert frå 50,8 mill. i 2018 til 41,5 mill. kroner ved utgangen av 2019.

Styret vurderer nedskrivingane til å vere tilstrekkelege i høve til identifiserte tapshendingar som har funne stad fram til årets slutt.

Avsetningsgrad seier noko om i kor stor grad banken har gjort nedskrivingar for tap på lån som allereie er misleghalde eller som er tapsutsett. Ved utgangen av rapporteringsåret var avsetningsgraden for misleghalde engasjement 13,3 % mot 29,8 % i fjor.

Utlån og garantiar fordelt på sektorar og risiko er nærare omtala i note 3a.

Ved årsskiftet hadde konsernet eit innskotsvolum frå kundar på 8.197 mill. kroner. Innskotsveksten siste år var på 614 mill. kroner eller 8,1 %. Dette gir konsernet ei innskotsdekning ved utgangen av 2019 på 90,9 %. Overført volum til kredittføretak er auka med 49 mill. i året, og er med på å avlaste konsernet sitt finansieringsbehov.




Tre dotterselskap har i 2019 hatt eit skattemessig underskot og morbanken foreslår difor å gje eit konsernbidrag til desse selskapa. I tillegg er det foreslått konsernbidrag til eit selskap (Tisleidalen Hyttegrend AS) som er 100 % eigd av banken, men ikkje teke inn som dotterselskap. Selskapet driv utvikling av eit hytteområde med 20 tomter. Konsernbidrag utjamnar skattebelastninga i konsernet ved at gjevar kan krevje skattemessig frådrag for bidraget, medan mottakar aukar sine skattepliktige inntekter. For morbanken vil netto konsernbidrag auke bokført verdi av aksjane i morbanken sin balanse. Slik sett blir konsernbidrag likestilt med vanleg kapitaltilførsel.

| Konsernbidrag                            | Brutto           | Skatt          | Netto            |
|------------------------------------------|------------------|----------------|------------------|
| SpareBank 1 Hallingdal Invest AS         | 721.791          | 180.448        | 541.343          |
| SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS        | 197.942          | 49.486         | 148.457          |
| SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS | 2.000.000        | 500.000        | 1.500.000        |
| Tisleidalen Hyttegrend AS                | 108.000          | 27.000         | 81.000           |
| <b>Sum</b>                               | <b>3.027.733</b> | <b>756.934</b> | <b>2.270.800</b> |

Det er i tillegg til konsernbidrag for å dekke opp skattemessig underskot gitt eit konsernbidrag til SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS for å styrke kapitalen i selskapet.

| Innskote egenkapital             | Brutto           |
|----------------------------------|------------------|
| SpareBank 1 Hallingdal Invest AS | 2.778.209        |
| <b>Sum</b>                       | <b>2.778.209</b> |

Etter forslag til utbytte utgjer konsernet sin egenkapital ved utgangen av året 1.537 mill. kroner. Konsernet sin egenkapitalandel er på 13,5 %.



### **Eigarstyring og selskapsleiing (Corporate governance)**

Eigarstyring og selskapsleiing i SpareBank 1 Hallingdal Valdres omfattar dei mål og overordna prinsipp som konsernet skal styrast og kontrollerast etter for å sikre kapitaleigarane, innskytarane, tilsette og andre grupper sine interesser. Dette er nedfelt i eit eige dokument om eigarstyring og selskapsleiing. Konsernet si verksemdsstyring skal sikre ei forsvarleg formuesforvaltning, og gje auka tryggleik for at kommuniserte mål og strategiar blir nådd og realisert.

Konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres har som eit resultat av dette vedteke at selskapet skal følgje "Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse (corporate governance)" frå 30. 10.2014 med etterfølgjande revideringar fram til 17.10.2018, med dei tilpassingar som følgjer av at selskapet er ein sparebank utan børsnotert eigenkapital, som blir omsett regelmessig.

## **Risikostyring**

Kjerneverksemda til banknæringa er å oppnå verdiskaping gjennom å ta bevisst og akseptabel risiko. Konsernet arbeider med å vidareutvikle risikostyringssystem og prosessar i tråd med leiande praksis.

Risiko- og kapitalstyringa i SpareBank 1 Hallingdal Valdres støttar opp under konsernet si strategiske utvikling og måloppnåing, og sikrar samstundes finansiell stabilitet og forsvarleg formuesforvaltning.

Styret handsamar kvartalsvis ein overordna risikorapport. Banken har i 2019 vidareutvikla rammeverket for risikostyring og risikorapportering gjennom ei revidering av policydokument innanfor alle risikoområde. Sentral i risikostyringa er ansvarleg for compliance og ansvarleg for risikostyring. Begge rollene er i samsvar med lova underlagt styret. Avdeling risikostyring og compliance utfører ei rekkje uavhengige kontrollhandlingar.

Intern kontroll er eit prioritert område som er integrert i den daglege drifta. Leiarane har eit kvalitetsansvar og står for oppfølging av medarbeidarane. Det overordna ansvaret for kontrollhandlingane ligg hjå avdeling risikostyring og compliance. Rapportering skjer kvartalsvis til styret. EY er etablert som internrevisor for regnskapsåret 2019. Dette arbeidet er ein viktig del av banken sitt kvalitetssikringsarbeid.

Dei mest vesentlege risikoane er omtala nedanfor.

### *Kredittrisiko*

Kredittrisiko er definert som faren for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne eller vilje til å oppfylle sine plikter overfor banken. Kredittrisiko er knytt til mogelege tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utstederar. Kredittrisikoen er banken sitt mest vesentlege risikoområde. Banken har standardiserte rutinar for kredittgjeving, ein etablert fullmaktsstruktur og risikoklassifiserer alle lån.

Kredittkvaliteten i konsernet må karakteriserast som god. Utviklinga i misleghald har dei siste åra vore positiv og er på eit akseptabelt nivå. Brutto misleghald er ved utgangen av året på 0,9 %. Banken legg vekt på kvalitet i kredittsakene, spesielt innanfor bedriftsmarknaden. Kredittrisiko blir tillagt stor vekt i prising av utlån og kredittar.

Kredittporteføljen i personmarknaden har hatt ei positiv utvikling. Dette avspeglar seg i nivået på forventa tap i utlånsporteføljen som blir utrapportert kvar månad. Banken har ein stor utlånsportefølje til private busett i Oslo/Akershus-området, og på denne delen av utlånsporteføljen vil eit prisfall på bustader (og dermed mindre verdi på pantesikkerheita) kunne auke kredittrisikoen banken er eksponert for. Prisane på bustader og fritidsbustader i banken sitt primære marknadsområde svingar i mindre grad enn i byar og det sentrale austlandet.

Det er venta ein lokal kredittvekst i tida framover som er om lag på nivå med den generelle kredittveksten i Noreg. Dette gjeld både for bedriftsmarknaden og personmarknaden.




Styret vurderer samla kredittrisiko som tilfredsstillande.


#### *Likviditetsrisiko*

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje er i stand til å refinansiere si gjeld eller ikkje har evne til å finansiere ein auke i eidelar utan vesentlege ekstrakostnader. Styringa av banken sin finansieringsstruktur tek utgangspunkt i ein overordna policy for likviditetsstyring som årleg blir gjennomgått og vurdert av styret. Banken har ein fundingstrategi som skal gje ein låg likviditetsrisiko gjennom spreining både i breidde og i lengde. Ei spreining i breidde går ut på å ha eit balansert forhold mellom innskot frå kundar, langsiktige og kortsiktige innlån, spreining til ulike marknader og låneinstrument. Spreining i lengde betyr å ha ein forfallsstruktur med låneforfall til ulike tidspunkt noko som reduserer refinansieringsrisikoen mest mogeleg. Forfallstrukturen kan variere over tid og blir påverka av prisendringar på banken sine innlån (kredittpåslag/kredittsread).

Konsernet sine utlån blir i hovudsak finansiert med kundeinnskot, verdipapirgjeld og sal av låneporteføljor til SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS. Sjølvfinansieringsgraden har vore stigande over tid pga. god innskotsvekst. Siste året er innskotsveksten på 8 % vore høgare enn utlånsveksten. Innskotsdekninga er i morbanken i 2019 auka frå 85,5 til 90,9 %.



Kredittmarknaden for finansiering av banken si drift (fundingmarknaden) har vore god i 2019. Marknadsrenta (3M Nibor) har vore stigande frå 1,25 % til 1,84 % gjennom året. Kredittpåslaget var fallande frå starten av året og fram til september for så å stige litt fram mot nyttår. Denne marknaden er sterkt påverka av situasjonen internasjonalt. Kredittpåslaget på innlån har gjennom året vorte redusert med ca. 0,15-0,20 prosentpoeng for både 3 og 5-årslån, men renteoppgangen gjer at samla rentekostnader på nye innlån har auka med i overkant av 0,4 prosentpoeng i 2019. Banken sine innlån er litt redusert i året og samla innlån er på i underkant av 1,5 mrd. kroner ved årsslutt. Banken har alle innlån i den norske marknaden fordelt på 5 obligasjonslån, to ansvarlege lån og eit banklån. Ved utgangen av året var unytta oppgjerskreditt på 40 mill. kroner.



Overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS og næringslån til SpareBank 1 Næringskreditt AS er med på å dempe finansieringsbehovet og dermed likviditetsrisikoen til banken. I løpet av året er overført volum om lag på same nivå som i 2018 med vel 2.500 mill. Dette utgjør ca. 21 % av alle utlån. Banken har også til ei kvar tid ei viss mengde bustadlån som ligg klar til overføring i tilfelle eit raskt finansieringsbehov og til å dekke opp eit eventuelt prisfall på bustader.

I tillegg til interne retningslinjer for styring av likviditeten er området også regulert av regulatoriske krav. Sentralt i desse reglane står LCR-kravet (Liquidity Coverage Ratio). Dette er ei måling av banken si evne til å tole ein likviditetsutgang 30 dagar fram i tid ved eit stress i penge- og kapitalmarknaden. LCR-kravet er på 100 %. Banken rapporterer ved utgangen av 2019 ein LCR på 154 % og med det tilfredsstiller banken dette kravet med god margin. For å tilfredstille krava er det viktig at banken held eit høgt nivå på ledig likviditet og denne må vere plassert på ein sikker måte til ei relativt låg avkastning. For banken er det viktig å ha god kontroll på dei ulike faktorane som påverkar LCR-nivået.

Vidare blir det stilt krav til at bankane skal ha ei stabil og langsiktig finansiering (Net Stable Funding Ratio – NSFR). NSFR-kravet blir fasa inn i løpet av nokre år. Desse EU-baserte reglane stiller krav til banken si meir langsiktige finansiering. Banken har tilpassa seg på eit nivå som ligg godt over det som mest sannsynleg blir eit framtidig krav.

Styret vurderer samla likviditetsrisiko som tilfredsstillande.

#### *Marknadsrisiko*

Marknadsrisiko, eller kurs- og renterisiko omfattar banken sin risiko knytt til posisjonar i valuta, aksje- og rentemarknaden. Banken har ingen valutarisiko utover det som er knytt til eigen valutabehaldning.

Banken sin renterisiko oppstår hovudsakleg i samband med fastrenteutlån, fastrenteinnskot og fastrenteinnlån. Banken har ei målsetting om å ha liten renterisiko og skal i prinsippet

eliminere alle fastrenteposisjonar ved hjelp av rentebytteavtalar slik at balansen i stor grad inneheld postar knytt til flytande rente. Banken sin policy for styring av renterisiko set rammer for kor stor renterisiko banken kan ta. Renterisikoen for alle posisjonar kan uttrykkjast ved å sjå på kor følsam balansen er for renteendringar. Banken har fastsett rammer for renterisiko på kort og lang sikt, dvs. over og under eit år.

Mesteparten av banken sine utlån og innskot har flytande rente, dvs. at renta blir regulert i takt med pengemarknadsrenta og utgjer ingen renterisiko, men banken har fastrentetilbod på utlån med binding i 3, 5 og 10 år. På innskotssida er det tilbod om binding av rente i eit år. Dette gjer at noko av balansen er knytt til fastrenteavtaler og utgjer ein renterisiko. Etterspørselen etter fastrenteutlån har vore stabil i 2019 og utgjer no 574 mill. kroner. Av dette er 450 mill. kroner sikra med rentebytteavtalar (SWAP) der banken «sel» fastrenta vidare og «kjøper» flytande rente i finansmarknaden. På denne måten unngår banken ei stor eksponering mot renteendring.

Banken har ved utgangen av året ei verdipapirportefølje på 656 mill. kroner i marknadsverdi som blir forvalta av ekstern forvaltar. Porteføljen inneheld 7,2 % norske aksjefond, 9,4 % internasjonale aksjefond, 64,8 % norske og utanlandske obligasjonar og 18,6 % norske obligasjonsfond. Porteføljen har hatt ei god utvikling det siste året etter låg avkastning i 2018. Dei norske og utanlandske aksjefonda har ei verdistigning på høvesvis 17,3 % og 21.7 % det siste året. Obligasjonsporteføljen har ei moderat avkastning i same tidsrom med 2,3 %. Samla avkastning på heile porteføljen i 2019 vart på 4,8 %. Ved utgangen av året er marknadsverdien på aksjeporteføljen 26,2 mill. kroner over kostpris og bokført verdi, medan obligasjonsporteføljen er 2,4 mill. kroner over kostpris.

Verdipapirporteføljen medfører at banken har ein viss risiko for svingingar i aksje- og obligasjonsmarknaden.

Samla risikoeksponering på området er moderat.

### *Operasjonell risiko*

Operasjonell risiko er definert som risiko for feil og manglar som konsekvens av mangelfulle system, rutinar og kompetanse. Konkrete døme kan vere:

- Menneskeleg svikt og manglande kompetanse
- Svikt i IKT-system
- Uklar policy, strategi eller rutinar
- Kriminalitet og interne misleghald

Proessen for styring av operasjonell risiko skal i størst mogeleg grad sikre at ingen enkelthendingar forårsaka av operasjonell risiko skal kunne skade konsernet si finansielle stilling i alvorleg grad.

Konsernet har stort fokus på kvalitet og kontinuerleg forbetring. Det blir gjennomført kvartalsvise kontrollhandlingar på kvart verksemdsområde som blir rapportert til administrerande direktør.

I tillegg satsar SpareBank 1-alliansen og banken på kompetanseheving gjennom kontinuerleg tilbod om etterutdanning/vidareutdanning i samsvar med bransjen sine autorisasjonsordningar og våre interne kompetansekrav og behov.

### *Eigarrisiko*

Eigarrisiko er risikoen for at SpareBank 1 Hallingdal Valdres blir påført negative resultat frå eigarpostar i strategisk eigde selskap, og/eller må tilføre ny eigenkapital til desse selskapa. Årsaka kan vere kraftig vekst eller kapitalbehov som følgje av underskot for å sikre vidare drift.

Konsernet har i hovudsak eigarrisiko gjennom dei indirekte eigardelane i SpareBank 1 Gruppen AS, og dei direkte eigardelane i SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS samt andre SpareBank 1-selskap. Alle desse eigardelane er små og under 2 % i alle selskap. Sjå elles note 2 for oversikt over banken sine anleggsaksjar.

### *Kapitalstyring*

Kapitalstyring skal sikre at banken har ein ønska storleik på eigenkapitalen vurdert i høve til selskapets storleik, risiko og kapitalkrav. Den skal vidare sikre ein optimal og effektiv bruk av eigenkapitalen, sett i høve til banken si verksemd, risikoprofil og ønska storleik på eigenkapital / ansvarlig kapital. Styret har vedteke eit kapitalmål for banken på minimum 19,5 % kapitaldekning for 2020.

Kapitalstyringa i SpareBank 1 Hallingdal Valdres skal sikre ein effektiv bruk av kapitalen sett i forhold til:

- å sikre kreditor for tap (kreditorvern)
- at fastsett minstekrav til kapitaldekning basert på risikoprofil og risikotoleranse blir oppfylt og at det er ein tilstrekkeleg eigenkapitalbuffer sett i forhold til konjunkturforhold og risiko elles blir oppretthalde. ("going concern"-perspektiv)
- konkurransedyktige vilkår i innlånsmarknaden (rating perspektiv)
- å tilfredsstille selskapet sitt krav til eigenkapitalavkastning (konkurransedyktig eigenkapitalavkastning)
- at verksemdene kan utnytte vekstmogelegheiter i marknaden (organisk eller via oppkjøp)

Kapitalkravet er eit tredelt system med såkalla pilarar. Pilar 1 omhandlar minstekrav til kapitaldekning og representerer det regulatoriske minstekravet til kapital. Pilar 2 går på at konsernet skal gjennomføre ei årleg vurdering av kapitalbehovet ut frå den samla risikoen som konsernet er eksponert for (ICAAP-prosess) og som det ikkje er sett av kapital for etter reglane for pilar 1. Finanstilsynet vurderer denne prosessen og reknar seg fram til eit krav etter pilar 2 som bankane må tilfredsstille. SpareBank 1 Hallingdal Valdres har ikkje fått fastsett krav fastsett av tilsynet enno, men det vil Finanstilsynet fastsetje i byrjinga av 2020. Pilar 3 stiller krav til offentleggjing av finansiell informasjon (Pilar 3-rapporten).

I den årlege ICAAP-prosessen ser ein framover og gjer ulike framskrivingar av kapitalbehovet. Framskrivingane tek omsyn til både forventa utvikling dei neste åra, samt ein situasjon med eit alvorleg økonomisk tilbakeslag over fleire år (nedgangsscenario). I dette arbeidet blir stresstestar brukt for å analysere ein situasjon med eit alvorleg økonomisk tilbakeslag. SpareBank 1 Hallingdal Valdres har i tillegg utarbeidd beredskapsplanar på likviditets- og kapitaldekningsområdet for i størst mogeleg grad å kunne handtere slike kriser om dei skulle oppstå.

Ved utgangen av 2019 har konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres ein netto ansvarleg kapital på 1.438 mill. kroner. Banken brukar standardmetoden til å rekne ut kapitaldekninga.

Nedanfor er fastsette kapitalmål og kapitaldekning pr. 31.12.19 lista opp i tabellform. Oversikten viser kapitaldekning utan innkonsolidering av selskap i samarbeidande gruppe:

| Kapitaldekning morbank    | Kapitalmål | Pr. 31.12.19 |
|---------------------------|------------|--------------|
| Rein kjernekapitaldekning | 16,0 %     | 20,62 %      |
| Kjernekapitaldekning      | 17,5 %     | 20,62 %      |
| Kapitaldekning            | 19,5 %     | 22,47 %      |

Kapitaldekninga ved utgangen av året er over banken si målsetting. Banken har to ansvarlege lån på til saman 120 mill. kroner. Ansvarleg lån blir klassifisert som tilleggskapital og inngår i totalkapitalen. Desse låneopptaka har betra kapitaldekninga med ca. 1,85 prosentpoeng. Det er viktig å følgje kapitalutviklinga tett for å halde seg innanfor eigne måltal.

Kapitalprognosane blir ajourført kvartalsvis for å kunne setje i verk tiltak i god tid. Gode resultat vil uansett vere viktig for å bygge opp tilstrekkeleg kjernekapital og dermed danne grunnlag for å kunne finansiere lokal vekst i åra som kjem. Det gode resultatet i 2019 er med på å lyfte banken si kapitaldekning til eit nivå godt over målsettinga.

Meir informasjon om konsernet og banken si kapitaldekning er vist i note 15. Der er også kapitaldekning inkludert konsolidering av føretak i samarbeidande gruppe vist.

## Bærekraft

Sjå kapittel 5.

## Banken sine dotterselskap

Alle dotterselskap er heileigde av morselskapet.

| Driftsinntekter                   | 2019   | 2018   | Endring |
|-----------------------------------|--------|--------|---------|
| EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS | 51.536 | 48.866 | 2.670   |
| HallingRegnskap AS                | 0      | 0      | 0       |
| SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS | 0      | 5.565  | -5.565  |

|                                         |               |               |              |
|-----------------------------------------|---------------|---------------|--------------|
| SpareBank 1 Hallingdal Invest AS        | 574           | 1             | 573          |
| SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS   | 42.461        | 33.921        | 8.540        |
| SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS | 2.752         | 4.242         | -1.490       |
| Valdres Regnskap AS                     | 0             | 0             | 0            |
| <b>Sum</b>                              | <b>97.323</b> | <b>92.595</b> | <b>4.728</b> |

Dei samla inntektene går noko opp i 2019. Inntektsveksten kjem i SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS har med ein auke på heile 25 % i 2019.

| <b>Resultat før skatt</b>               | <b>2019</b> | <b>2018</b>   | <b>Endring</b> |
|-----------------------------------------|-------------|---------------|----------------|
| EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS       | 4.469       | 3.569         | 900            |
| HallingRegnskap AS                      | 0           | 0             | 0              |
| SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS       | -75         | 624           | -699           |
| SpareBank 1 Hallingdal Invest AS        | -2.302      | -2.152        | -150           |
| SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS   | 243         | -1.617        | 1.860          |
| SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS | -1.413      | -4.399        | 2.986          |
| Valdres Regnskap AS                     | 0           | 0             | 0              |
| <b>Sum</b>                              | <b>922</b>  | <b>-3.975</b> | <b>4.897</b>   |

Samla driftsresultatet før skatt i selskapa er auka med 4,9 mill. kroner. Tre av selskapa har negative resultat. Størst resultatframgang har SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS med 3,0 mill. Morbanken har gitt konsernbidrag til tre av dotterselskapa med negativt skattemessig resultat jf. oversikt på side 38.

#### *EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS*

Selskapet vart stifta i 2000. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte i 2007 85 % av aksjane i selskapet. Dei resterande 15 % vart kjøpt i 2011. I 2011 vart Eiendomsmegleren Ringerike Hadeland sine avdelingar på Gol og i Hemsedal fisjonert ut og fusjonert inn i selskapet. Banken kjøpte same året selskapet Hemsedal Eiendomsmegling AS i Hemsedal. Denne verksemda vart også fusjonert inn i selskapet. Etter denne fusjonen endra selskapet namn til EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS.

Selskapet driv eigedomsmekling i Hallingdal frå kontor på Geilo, Ål, Gol og Hemsedal. I Valdres har selskapet kontor på Fagernes og Beitostølen. Selskapet dekkjer stort sett det same geografiske området som banken. Nytt av året er at selskapet opna kontor i Oslo i januar. Målet med etableringa er vere nærare store kundegrupper for fritidseigedomar i fjellet.

Selskapet har ved utgangen av 2019 til saman 25 tilsette og verksemda utgjorde i året til saman 22,8 årsverk. Aktiviteten i marknaden har vore nesten like god i 2019 som toppåret 2018. Selskapet selde 729 eigedomar mot 739 i 2018, men provisjonsinntektene hadde likevel ein vekst på 2,4 % i året. Selskapet leverer gode tal i eit år prega av bytte av kjernesystem i verksemda. Resultatet etter skatt for 2019 viser eit overskot på kr 3.445.000. I 2018 var overskotet på kr 2.710.000.

#### *SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS*

Etter overføring av alle eigedomane i selskapet til morbank i 2018 er det ingen aktivitet i selskapet. Selskapet har ingen fast tilsette. Resultatet etter skatt i 2019 vart eit underskot på kr 104.000. I 2018 var overskotet på kr 470.000. Morbanken yter eit konsernbidrag tilsvarande det negative skattemessige resultatet på kr 197.942 til selskapet for 2019.

#### *SpareBank 1 Hallingdal Invest AS*

Selskapet har som føremål å investere i verksemdar. Selskapet vart stifta i 1982 som eit eigedomsselskap, men endra namn og føremål i 2006. I 2009 kjøpte selskapet eit tomteområde på Flå der målet er å utvikle det for sal til utbyggjarar. Utbygging av feltet starta i 2012 og til no er det bygd i underkant av 20 bustader. Det er utbyggingsmogelegheiter for ytterlegare 50 einebustader eller ca. 100 einingar i rekkehus/leilegheitsbygg. Selskapet har også kjøpt ein eigedom på Kikut på Geilo for utvikling og sal. Selskapet har ingen fast tilsette. Resultatet etter skatt i 2019 vart eit underskot på kr 1.803.000 mot eit underskot på kr 1.715.000 i 2018. Morbanken yter eit konsernbidrag tilsvarande det negative skattemessige resultatet for 2019, samt til styrking av eigenkapitalen i selskapet. Samla konsernbidrag er på brutto 3,5 mill. kroner.

#### *SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS*

Selskapet vart stifta i 1998. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte alle aksjane i selskapet i mai 2012. Same året vart banken sitt dotterselskap Hemsedal Regnskap AS fusjonert inn i selskapet. I 2014 fusjonerte selskapet med SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS. Selskapet har ved utgangen av året 56 tilsette og verksemda utgjorde i året 46,7 årsverk ved avdelingane på Flå, Nes, Gol, Ål, Hemsedal, Fagernes, Heggenes og Beitostølen. Selskapet har ein god omsetningsvekst i 2019 etter overtaking av ei stor kundeportefølje på Ål, og har eit resultat etter skatt på kr 243.000 mot eit underskot i 2018 på 1.321.000.

#### *SpareBank 1 ValHall Eigdomsutvikling AS*

Selskapet vart stifta i 2009 og var tidlegare eit dotterselskap under SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. I 2013 overtok morbanken alle aksjane i selskapet. Selskapet eig forretningsbygg på Heggenes som blir leigd ut til morbank og dotterselskap. Deler av lokala på Heggenes er bygd om til leilegheiter og blir leigd ut til privatpersonar. Dette bygget vart i september 2019 seld til Øystre Slidre kommune. Selskapet sitt forretningsbygg på Beitostølen vart i 2018 seld til morbanken. Etter desse transaksjonane er det lite eigedelar att i selskapet. Selskapet har ingen fast tilsette. Resultat etter skatt i 2019 vart eit underskot på kr 895.000. Årsaka til det svake resultatet er tap ved sal av eigedom og nedskriving av verdi på bygg. I 2018 var underskotet 3.843.000. Morbanken yter eit konsernbidrag tilsvarande det negative skattemessige resultatet på kr 2.000.000 til selskapet for 2019.

#### *HallingRegnskap AS og Valdres Regnskap AS*

Desse selskapa vart stifta i juni 2013 samstundes med at dei tidlegare selskapa med desse namna endra namn til høvesvis SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS og SpareBank 1

Regnskapshuset Valdres AS, seinare fusjonert til SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall. Dette er "sovande" selskap som er stifta for å beskytte selskapsnamna.

### **Fortsatt drift**

I samsvar med lov om årsrekneskap mv. § 3-3a, stadfestar styret at føresetnadane for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen er sett opp etter denne føresetnaden.

### **Framtidsutsikter**

Rentenivået auka ein del i 2019, men er venta å halde seg på noverande nivå i 2020. Prognosane tilseier ein lågare vekst på inntektssida framover, og ut frå ein lågare vekst i eigen kundeportefølje forventar styret ein aukande konkurranse på vilkår med føremål å auke eigen marknadsandel og dermed oppretthalde den gode veksttakten som bransjen har hatt dei siste åra. Aukande konkurranse med lågare prisar vil isolert sett gi lågare driftsinntekter samanlikna med 2019. SpareBank 1 Hallingdal Valdres set i verk fleire tiltak for å auke marknadsandelen slik at vekst kan kompensere for inntektsbortfallet på eksisterande kundeportefølje. I sum har styret som målsetting å halde driftsinntektene på fjorårets nivå.

Konsernet har rekruttert mange nye tilsette dei siste åra. Dei komande fem åra har konsernet mange medarbeidarar som kan gå av med pensjon. Dette gjeld spesielt bank- og rekneskapsverksemda. Målsettinga er å bygge tilstrekkelig kompetanse og utnytte nye digitale løysingar for å effektivisere eigne arbeidsprosessar i løpet av denne perioden slik at konsernet kan redusere talet på tilsette gjennom naturleg avgang. Denne strategien gir ein høgare kostnadsvekst dei neste 3-4 åra samanlikna med forventa inntektsvekst. Forventa driftsresultat i 2020 er noko lågare samanlikna med 2019.

Det er venta ekstraordinære inntekter også i 2020, men kanskje ikkje i same storleik slik at resultatet i 2020 er venta å bli marginalt lågare enn i 2019.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres er godt kapitalisert. Pilar 2-krav, MREL, og andre endringar som er varsla, vil kunne handterast utan at ekstraordinære tiltak og forventa auka krav vil ikkje påverke konsernet si vekstevne.

Konsernet gjennomfører ei endring i arbeidet mot bedriftsmarknaden (BM) ved å samle heile konsernet sine BM-ressursar under ei leiing. Målet er betre betening av BM-kundane og å kunne ta ut større synergjar i konsernet gjennom ein auke i talet på leveransar til noverande kundeportefølje. Inntektseffekten vil ikkje koma før i 2021.

Styret ønskjer å takke banken sine tilsette for innsatsen gjennom 2019. Solid innsats i alle ledd i organisasjonen har gitt banken eit godt utgangspunkt for 2020. Styret vil også takke kundar, tillitsvalde og andre forbindelsar som er viktige for banken si verksemd og framleis sterke posisjon i marknaden.

Ein syner elles til rekneskapen med notar.



Hallingdal, 31.desember 2019 / 14. februar 2020



Kjell Vidar Berge  
styreleiar



Kristin Ourom  
nestleiar




Ragnhild Kvernberg



Odd Holde




Tore Østlund



Gro Lundby



Vidar Isungset



Ellen Intelhus



Knut Oscar Fleten  
adm. direktør

## **7. Resultat**

Sjå eige dokument "Førebels årsrekneskap med notar 2019"

## **8. Balanse**

Sjå eige dokument "Førebels årsrekneskap med notar 2019"

## 9. Endring i egenkapital

| Morbank:                         | Innskote kapital        |                   |                        | Opptent kapital        |                     |              |                  |
|----------------------------------|-------------------------|-------------------|------------------------|------------------------|---------------------|--------------|------------------|
|                                  | Eigarandels-<br>kapital | Overkurs-<br>fond | Kompensasjons-<br>fond | Grunnfonds-<br>kapital | Utjamnings-<br>fond | Gåvefond     | Sum              |
| <b>Eigenkapital 1.1.2019</b>     | 805.700                 | 11.581            | 1.176                  | 126.698                | 372.547             | 7.989        | 1.325.691        |
| Prinsippendring ført direkte mot |                         |                   |                        | -438                   | -4.077              |              | -4.515           |
| Endring gåver                    |                         |                   |                        |                        |                     | -2.500       | -2.500           |
| Årets resultat                   |                         |                   |                        | 20.334                 | 189.200             |              | 209.534          |
| Utbytte                          |                         |                   |                        |                        | -52.000             |              | -52.000          |
| <b>Eigenkapital 31.12.2019</b>   | <b>805.700</b>          | <b>11.581</b>     | <b>1.176</b>           | <b>146.594</b>         | <b>505.670</b>      | <b>5.489</b> | <b>1.476.210</b> |

|                                  | Eigarandels-<br>kapital | Overkurs-<br>fond | Kompensasjons-<br>fond | Grunnfond      | Utjamnings-<br>fond | Gåvefond     | Sum              |
|----------------------------------|-------------------------|-------------------|------------------------|----------------|---------------------|--------------|------------------|
| <b>Eigenkapital 1.1.2018</b>     | 805.700                 | 11.581            | 1.176                  | 114.181        | 285.702             | 8.039        | 1.226.379        |
| Prinsippendring ført direkte mot |                         |                   |                        | 51             | 457                 |              | 508              |
| Endring gåver                    |                         |                   |                        |                |                     | -50          | -50              |
| Årets resultat                   |                         |                   |                        | 12.466         | 119.188             |              | 131.654          |
| Utbytte                          |                         |                   |                        |                | -32.800             |              | -32.800          |
| <b>Eigenkapital 31.12.2018</b>   | <b>805.700</b>          | <b>11.581</b>     | <b>1.176</b>           | <b>126.698</b> | <b>372.547</b>      | <b>7.989</b> | <b>1.325.691</b> |

| Konsern:                                                | 2019             | 2018             |
|---------------------------------------------------------|------------------|------------------|
| <b>Eigenkapital 01.01</b>                               | 1.431.235        | 1.328.092        |
| Verdiendring innarbeiding av felleskontrollert verksemd | -127             | -1.067           |
| Korrigerer mindre verdi bygg Hemsedal                   | -1.887           | -                |
| Disponert av gåvefond                                   | -2.500           | -50              |
| Pensjonsforpliktelse ført mot EK bank                   | -4.515           | 508              |
| Utbytte                                                 | -52.000          | -32.800          |
| Forskjell utsatt skattesats                             | 85               | 111              |
| Årets overskot                                          | 166.864          | 136.441          |
| <b>Eigenkapital 31.12</b>                               | <b>1.537.155</b> | <b>1.431.235</b> |

### Fordeling av egenkapitalbevis

|                                   |                 |         |
|-----------------------------------|-----------------|---------|
| Sparebankstiftelsen Hallingdal    | 7.130.445 bevis | 88,50 % |
| Sparebankstiftelsen Øystre Slidre | 926.555 bevis   | 11,50 % |

|                                                 | 01.01.2020       | 01.01.2019       |
|-------------------------------------------------|------------------|------------------|
| Eigarandelskapital                              | 805.700          | 805.700          |
| Overkursfond                                    | 11.581           | 11.581           |
| Utjamningsfond                                  | 505.671          | 372.547          |
| <b>A Sum egenkapitalbevis eigaranes kapital</b> | <b>1.322.952</b> | <b>1.189.828</b> |
| Grunnfondskapital eks gåver                     | 146.594          | 126.698          |
| Kompensasjonsfond                               | 1.176            | 1.176            |
| <b>B Sum samfunnsseigd kapital</b>              | <b>147.770</b>   | <b>127.874</b>   |
| <b>Eigarandelsbrøk (A/(A+B))</b>                | <b>89,95 %</b>   | <b>90,30 %</b>   |

## 10. Kontantstrømoppstilling

|                                                                                  | 2019             | 2018            | 2019             | 2018            |
|----------------------------------------------------------------------------------|------------------|-----------------|------------------|-----------------|
| Alle tal i 1000 kr                                                               | MORBANK          | MORBANK         | KONSERN          | KONSERN         |
| <b>Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter</b>                             |                  |                 |                  |                 |
| Renteinnbetalinger, provisjonsinnbetalinger og gebyr fra kunder                  | 406.281          | 368.727         | 405.044          | 366.556         |
| Renteutbetalinger, provisjonsutbetalinger og gebyr til kunder                    | -104.784         | -73.393         | -104.579         | -73.177         |
| Utbetalinger av renter på andre lån                                              | -45.399          | -35.231         | -45.550          | -35.355         |
| Innbetalinger av renter på andre lån                                             | 21.570           | 10.827          | 21.742           | 11.188          |
| Innbetalinger av utbytte                                                         | 113.005          | 49.069          | 77.190           | 44.626          |
| Innbetalinger fra andre driftsinntekter                                          | 4.595            | 4.948           | 88.109           | 80.336          |
| Utbetalinger til andre leverandører for varer og tenester                        | -97.373          | -26.998         | -114.281         | -53.313         |
| Utbetalinger til tilsette, pensjonsinnretninger, arb.giveravg., skattetrekk m.v. | -76.499          | -76.155         | -131.818         | -127.267        |
| Utbetalinger av skatter og offentlige avgifter                                   | -30.491          | -26.926         | -31.012          | -28.415         |
| Netto resultat av handel med verdipapirer for kortsiktige foremål                | -57.013          | -102.190        | -56.972          | -102.110        |
| <b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>                          | <b>133.892</b>   | <b>92.678</b>   | <b>107.873</b>   | <b>83.069</b>   |
| <b>Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter</b>                               |                  |                 |                  |                 |
| Innbetalinger på tidligere avskrivne fordringer                                  | 1.412            | 472             | 1.412            | 472             |
| Utbetalinger ved kjøp av aksjer og andeler i andre foretak                       | 6.098            | -142            | 48.855           | -4.798          |
| Netto auke utlån til kunder                                                      | -134.792         | -466.078        | -161.075         | -516.221        |
| Utbetalinger ved kjøp av aksjer og konsernbidrag                                 | -5.806           | -6.736          | -5.806           | -6.736          |
| Innbetalinger ved sal av driftsmidler mv.                                        | 1.900            | 231             | 7.237            | 231             |
| Utbetalinger ved kjøp av driftsmidler mv.                                        | -7.513           | -62.810         | -6.281           | -5.961          |
| <b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>                            | <b>-138.701</b>  | <b>-535.063</b> | <b>-115.658</b>  | <b>-533.013</b> |
| <b>Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>                                 |                  |                 |                  |                 |
| Netto auke innskott fra kunder                                                   | 610.832          | 291.807         | 614.489          | 299.782         |
| Netto endring innskott fra Norges Bank og andre finansinstitusjoner              | -57              | -9.224          | -731             | -9.264          |
| Netto betaling ved endring av obligasjonsgjeld                                   | -64.503          | 82.177          | -64.503          | 82.177          |
| Innbetalinger av ansvarleg lånekapital                                           | -                | 60.000          | -                | 60.000          |
| Utbetalinger av utbytte                                                          | -52.000          | -33.594         | -52.000          | -33.594         |
| <b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>                           | <b>494.272</b>   | <b>391.166</b>  | <b>497.255</b>   | <b>399.101</b>  |
| <b>Netto kontantstrøm for perioden</b>                                           | <b>489.463</b>   | <b>-51.219</b>  | <b>489.470</b>   | <b>-50.843</b>  |
| Netto endring i kontantar og kontantekvivalenter                                 | 489.463          | -51.219         | 489.470          | -50.843         |
| Beholdning kontantar og kontantekvivalenter ved starten av perioden              | 582.489          | 633.708         | 582.513          | 633.356         |
| <b>Beholdning kontantar og kontantekvivalenter ved slutten av perioden</b>       | <b>1.071.952</b> | <b>582.489</b>  | <b>1.071.983</b> | <b>582.513</b>  |
| <b>Avstemming</b>                                                                |                  |                 |                  |                 |
| Resultat før skattekostnad                                                       | 246.574          | 159.648         | 203.947          | 164.160         |
| Betalt skatt i perioden                                                          | -38.495          | -27.501         | -39.016          | -28.562         |
| Gåver                                                                            | -2.500           | -50             | -2.500           | -50             |
| Tap/-gevinst ved sal av anleggsmidler                                            | -1.900           | 231             | -1.900           | 231             |
| Ordinære avskrivninger                                                           | 6.047            | 4.655           | 8.888            | 11.591          |
| Nedskrivning anleggsmidler                                                       | -                | -               | -                | 3.083           |
| Andre ikke-kontantposter                                                         | -12.048          | 19.751          | -4.315           | 5.408           |
| Netto betaling ved handel med verdipapirer for kortsiktige foremål               | -57.490          | -121.373        | -57.418          | -121.293        |
| Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalinger i pensjonsordninger   | 1.627            | 310             | 1.877            | 414             |
| Poster klassifisert som investerings- eller finansieringsaktivitet               | 5.806            | 6.736           | 5.806            | 6.736           |
| Endring i andre tidsavgrensingsposter                                            | -13.729          | 50.271          | -7.496           | 41.351          |
| <b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>                          | <b>133.892</b>   | <b>92.678</b>   | <b>107.873</b>   | <b>83.069</b>   |
| <b>Kontantar og kontantekvivalenter er definert som:</b>                         |                  |                 |                  |                 |
| - Kontantar og fordringer på sentralbanker                                       | 73.893           | 74.786          | 73.893           | 74.786          |
| - Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner                                | 998.059          | 507.703         | 1.012.284        | 507.727         |

## 11. Notar

Sjå eige dokument "Førebels årsrekneskap med notar 2019"

## 12. Erklæring frå styret og dagleg leiar

(Jf. lov om verdipapirhandel § 5-6)

Styret og dagleg leiar har i dag handsama og godkjent årsmelding og årsrekneskap for SpareBank 1 Hallingdal Valdres, konsern og morselskap, for kalenderåret 2018 og per 31.12.19.

Rekneskapen er avlagt i samsvar med norske opplysningskrav som følgjer av rekneskapslova, og som skal nyttast per 31.12.19. Det ligg ikkje føre transaksjonar gjennomført av nærståande som har hatt vesentleg innverknad på verksemda si stilling eller resultat i løpet av rapporteringsperioden.

- Me stadfester at årsrekneskapen og årsmeldinga etter vår beste overtving er utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar og at opplysningane i rekneskapen gir eit rettvise bilete av banken og konsernet sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilheit.
- Me stadfestar at årsmeldinga gir ein rettvise oversikt over utviklinga, resultatet og stillinga til banken og konsernet, saman med ei skildring av dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar føretaket står overfor.

Hallingdal, 31. desember 2019 / 14. februar 2020

  
Kjell Vidar Berge  
styreleiar

  
Kristin Ourum  
nestleiar

  
Ragnhild Kvernberg

  
Odd Holde

  
Tore Østlund

  
Gro Lundby

  
Vidar Isungset


  
Ellen Intelhus

  
Knut Oscar Fleten  
adm. direktør


## STYRE OG LEIING

### 13. Hovudorganisasjon

Konsern:



Morbank:



## **14. Presentasjon av styret**

Presentasjon av styret pr. 31.12.19

### **Kjell Vidar Bergo, styreleiar**

Født 1950. Har utdanning i samfunnsfag og økonomi frå Universitetet i Bergen. Dagleg leiar i Hallingdølen fram til 2014, no pensjonist. Har vore styremedlem sidan 1995, nestleiar 1999-2006 og styreleiar sidan 2006 i SpareBank 1 Hallingdal Valdres. Leiar av risiko- og revisjonsutvalet frå 2011. Bur i Ål.

### **Kristin Ourom**

Født 1971. Har juridisk embetseksamen frå Universitetet i Oslo i 1996. Advokatløyve frå 1998. Er partner i Kvale Advokatfirma DA med bank og finans, energirett og selskapsrett som område. Har vore styremedlem sidan 2010, nestleiar frå 2016. Medlem av risiko- og revisjonsutvalet frå 2011. Bur i Oslo.

### **Vidar Isungset**

Født 1959. Har utdanning frå vidaregåande skule. Arbeider som autorisert finansiell rådgjevar i SpareBank 1 Hallingdal Valdres. Styremedlem som representant for tilsette sidan 1998. Bur i Ål.

### **Tore Østlund**

Født 1958. Vidaregåande skule med etterutdanning innan administrasjon og leiing. Sveinebrev og meisterbrev som tømmer. Har drive eige firma i over 30 år. Arbeider som rådgjevar i næring og byggesak i Øystre Slidre kommune. Medlem i styret i Øystre Slidre Sparebank frå 2010 og seinare SpareBank 1 Hallingdal Valdres. Bur i Rogne i Øystre Slidre.

### **Odd Holde**

Født 1949. Utdanna siviløkonom. Driv eige firma med utleigehytter og konsulentfirma. Har over 30-års erfaring frå reiselivet i Hemsedal. Styremedlem frå 2012. Bur i Hemsedal. Medlem av risiko- og revisjonsutvalet frå 2018.

### **Gro Lundby**

Født i 1954. Er utanna adjunkt og har arbeidd i om lag 25 år i ungdomsskulen. Har vore heiltidspolitkar i 12 år, som ordførar i Øystre Slidre i 8 år (2003-2011) og fylkesordførar i Oppland i 4 år (2011-2015). Diverse styreverv dei siste åra. Styremedlem sidan 2016. Medlem av risiko- og revisjonsutvalet frå 2017. Bur i Øystre Slidre kommune.

### **Ragnhild Kvernberg**

Født 1954. Etter fullført vidaregåande og engelsk grunnfag har yrkesaktivt liv vore innanfor reiselivet med stilling som turistsjef i Hemsedal, leiing av hotell og konsulent innan destinasjonsutvikling samt fleire styreverv. Driv gard med utleigehytter og horteoppdrett. Har tidlegare hatt verv i banken sitt forstandarskap og styre. Er nestleiar i styret for Sparebankstiftelsen Hallingdal. Styremedlem sidan 2018. Bur i Hemsedal.



**Ellen Intelhus**

Født 1967. Har utdanning frå vidaregåande skule med diverse etterutdanningskurs frå BI. Arbeider som autorisert finansiell rådgjevar i SpareBank 1 Hallingdal Valdres. Varamedlem i styret frå 2005-2012. Styremedlem som representant for tilsette frå 2016. Bur på Gol.

## 15. Forstandarskap, styre og revisjon.

### FORSTANDARSKAPET:

#### KUNDANE

Hallingdal: Karianne Sørbøen  
Marianne Stue  
Per Egil Rese  
Margunn Berget Kristiansen  
Gunn Eidhamar  
Marit Foss  
Valdres: Ove Skaret (leiar)  
Tor Skattebo  
«Fritt»: Halvar Hjelman

#### VARAMEDLEMMER

Hallingdal: Ove Bråten  
Gunnar Halbjørhus  
Valdres: Gunvor Hegge

#### FRÅ STIFTELSANE ØYSTRE SLIDRE OG HALLINGDAL:

Arnstein Alund  
Jan Kristian Dalen  
Torleif Bjella  
Tove Eggen Lien  
Torhild Helling Bergaplass  
Kjell Erik Skølt  
Kjersti Lilleslett  
Endre Ulsaker  
Ingunn Stræte  
Karin Rustberggard Sletto

#### VARAMEDLEMMER:

Berit Aspaas Müller  
Janniche Ulrichsen  
Christoffer Norhaug  
Anneli R. Vøllo  
Anne Vetteren Grøthe

#### FUNKSJONÆRVALDE

Ann Kristin J. Bakkene (vald inn som vara til styret frå 2018 og vara må nyttast)  
Erland Espelien (vald inn som vara til styret frå 2019 og vara må nyttast)  
Gudny G. Nysveen  
Ellen Møllerplass  
Mona Ø. Øen

Vidar Solheim

**VARAMEDLEMMER**

Gro Storebråten

Ellen Blakkestad

Kristin Bakke Haugen

**STYRET:**

Kjell Vidar Bergo, leiar

Kristin Ourom, nestleiar

Odd Holde, medlem

Ragnhild Kvernberg, medlem

Tore Østlund, medlem

Gro Lundby, medlem

Vidar Isungset, medlem, vald av tilsette

Ellen Intelhus, medlem, vald av tilsette

**VARAMEDLEMMER:**

Sissel Skrindo

Steinar Dahlen

Ann Kristin J. Bakkene (frå tilsette)

Erland Espelien (frå tilsette)

**REVISOR:**

Deloitte AS